

Austevoll fiskerihamn - områdeplan

PLANSKILDING

2012-10-18 Oppdragsnr.: 5121847



Rev. 0	Dato: 11/10-18	Omtale: Planskildring	Utarbeida MAMIE	Fagkontroll LIISE	Godkjent MAMIE

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Forord

Kystverket har som mål å tilpasse maritim infrastruktur til fiskerinæringa sitt behov. Nye store fiskefartøy, utviklinga i fiskeindustrien og behov for betre skjerming av hamnene, er grunnlag for Kystverket si utbygging av fiskerihamner langs heile kysten. Endringar i fartøystypar og endra trafikkbilete set nye krav til hamner og farleier, med auka behov for utdjuping og manøvreringsareal.

Ved utbygging av fiskerihamner prioriterer Kystverket mellom anna tiltak som medverkar til å ivareta behov for fiskerihamner i mindre lokalsamfunn. Eit av hovudmåla til Kystverket er å oppretthalde og vidareutvikle livskraftige kystsamfunn.

Austevoll kommune har ein stor og moderne havgåande flåte. Austevoll kommune har vedteke at Salthella – Rabbenområdet skal vere kommunen sitt framtidige satsingsområde som fiskerihamn. Mangel på hamnefasilitetar og landareal er den største utfordringa i Salthella – Rabbenområdet. Dette råkar etablerte verksemdar og aktuelle næringsaktørar som ønskjer å etablere seg i området. Ei hamneutbygging i Salthella- Rabbenområdet vil også ha stor regional verdi for fiskeri- og sjøfartsnæringa langs vestlandskysten. Området har ei svært hensiktsmessig lokalisering både i høve til hovudleia nord- syd, og i høve til innseglinga frå havet (Selbjørnsfjorden, Møgstrafjorden, Korsfjorden).

Kommunen har fremma framlegg om statleg utbygging av moloar og naudsynt utdjuping i det allereie etablerte fiskerihamneområdet. Kystverket meiner at tiltaket oppfyller dei kriteria som vi skal vektlegge i samband med statleg investering i fiskerihamner. Fiskerihamna er prioritert i Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, og det er gitt framlegg til oppstartsløyving for Austevoll fiskerihamn i Statsbudsjettet for 2013.

Kystverket ønskjer at bygging av fiskerihamna skal bidra til:

- positiv ringverknad for næringslivet generelt og styrking det maritime næringsgrunnlaget i regionen,
- lågare kostnader knytt til fiskeflåten (for eksempel at ein kan tilby tenesteyting på staden og at ein kan kombinere landligge med service - og verkstadsopphald),
- å stille sterkare i møte med stadig aukande miljøkrav både til fiskeri- og havbruksnæringa,
- å auke sysselsettinga og gi ei positiv folketalsutvikling i kommunen.

*Kystverket
18. oktober 2012*

Innhold

1	Bakgrunn for planarbeidet	7
2	Planprosessen	8
2.1	Varsel om oppstart	8
2.2	Organisering og medverknad	8
2.3	Vurdering i høve forskrift om konsekvensutgreiing	9
3	Avgrensing av planområdet	12
4	Gjeldande planar	14
4.1	Nasjonal transportplan 2010-2019	14
4.2	Fylkesdelplan	14
4.3	Kommuneplanen	14
4.4	Reguleringsplanar	16
5	Føringar frå forprosjekt for fiskerihamna	17
5.1	trong for Næringsareal på land	18
6	Skildring av området – dagens situasjon	19
6.1	Arealbruk	19
6.2	Landskapsbilete	24
6.3	Naturressursar	28
6.4	Naturmiljø	31
6.5	Kulturmiljø	33
6.6	Veg- og trafikktilhøve	37
7	Alternativ som har vore vurdert i planarbeidet	38
7.1	Lokalisering av Steinuttak for bygging av molo	38
7.2	Alternative næringsområde	39
7.3	Alternative tilkomstveggar til Steinevikneset	41
8	Skildring av framlegg til plan	43
8.1	Reguleringsformål	44
8.2	Byggeformål	46
8.3	Trafikkformål	49
8.4	Grøntstruktur	51
8.5	Landbruks-, natur- og friluftsområde	52
8.6	Sjøareala	52
8.7	Omsynssone- fare	53

9	Vurdering av konsekvensar	54
9.1	Støy	54
9.2	Belysning	58
9.3	Miljøundersøkingar	58
9.4	Trafikk	59
9.5	Nærmiljø og friluftsliv	60
9.6	Metode – konsekvensar etter handbok 140	62
9.7	Landskapsbilete	63
9.8	Naturressursar	66
9.9	Naturmiljø	68
9.10	Kulturmiljø	71
9.11	Konsekvensar i forhold til gjeldande reguleringsplanar	74
9.12	Oppsummering konsekvensar	76
10	Risiko og sårbarheit	77
10.1	Metode	77
10.2	Risikovurdering	79
10.3	Konklusjon	80
11	Innkomne merknader	84
12	Vedlegg	91

Samandrag

Austevoll fiskerihamn er ei utviding av den eksisterande hamna på Salthella. Hamneprosjektet er prioritet av kommunen, fylkeskommunen og Kystverket. Det er sett av midlar i statsbudsjettet til oppstart av arbeidet hausten 2013.

Planområdet ligg nordvest på Selbjørn i Austevoll kommune og tar med sjøarealet og delar av strandsona mellom Salthella og Rabben. Sjølv fiskerihamna omfattar tre nye skjermingsmoloar mellom holmane på Salthella i tillegg til utdjuping i hamnebassenget. Utbygginga vil gje ei stor og god hamn med nye liggekaiar. I tilknytning til hamna er det foreslått 154 daa industriareal som skal nyttas til service retta mot fiskeflåten. Industriområda ligg langs moloen frå Salthella, på Steinevikneset og i ytre del av Djupevåg med veg frå Rabben.

Planen legg også til rette for at ein skal kunne nytte lokal stein ved bygging av hamna. Berggrunnen vest mot Stolmanes er godt eigna til molostein. Eit areal i tilknytning til Salthella er foreslått som steinuttak som etter anleggsperioden skal nyttast til næringsareal.

Det er lagt stor vekt på å skildre verknadane av planframlegget. Sjølv om planen ikkje vert fanga opp av kriteria i § 4 i konsekvensutgreiingsforskrifta er konsekvensane av planframlegget utgreidd. Planen får konsekvensar for landskapsbilete, naturmiljø, nærmiljø og kulturmiljø.

Planen er utarbeidd av Kystverket i samarbeid med Austevoll kommune.

Ei referansegruppe med deltakarar frå Kystverket, kommunen og næringslivet har delteke i planarbeidet. Det har vore arrangert eit grunneigarmøte og eit ROS-seminar i løpet av planprosessen.

1 Bakgrunn for planarbeidet

Austevoll er ein av dei største fiskerikommunane i landet. Fiske er ein av grunnpilarane for næringsliv og busetnad i kommunen. Verksemdene som er etablert i Salthella – Rabben området har vakse ut av dei tilgjengelege areala og treng utviding av næringsareala samt betring av hamnetilhøva. Plassmangel og utilfredsstillande manøvreringsareal i hamneområdet har blitt ein flaskehals som hindrar ei vidare næringsutvikling. For å sikre ei levedyktig fiskernæring er det naudsynt å legge til rette for effektive service og vedlikehaldstenester på land. Ei utbygging er venta å gje positive ringverknader for fiskeri – og havbruksnæringa også utover kommunegrensene. Fiskarar frå heile landet driv fiske i området og leverer fangst her. Også utanlandske fartøy har behov for tenesteyting i Austevoll.

Ei av oppgåvene til Kystverket er å vedlikehalda, utbetra og byggje ut statlege fiskerihamner. Nye og større fiskefartøy samt næringsutviklinga i fiskeindustrien skaper eit stort behov for å tilpasse maritim infrastruktur til næringa si behov. Fiskerihamnprosjektet i Austevoll er eit slikt utbyggingstiltak. Tiltaket er prioritert og omtalt i Nasjonal Transportplan 2010 – 2019.

Brev frå Austevoll kommune til høyringsetatane datert 02.07.2012 i samband med høyring av kommuneplanen skildrar bakgrunnen for planarbeidet:

«Austevoll er mellom dei største fiskerikommunane i Noreg og har lange tradisjonar innafor fiske og verksemdar knytta til aktiviteter på havet. Kommunen er heimhamn for ein stor del av landets havfiskeflåte. Fiskerinæringa i Austevoll er også internasjonalt leiande innafor vidareutviklinga av pelagisk fiskeri. I tillegg er kommunen ein av dei største oppdrettskommunane. Den omfattande fiskeri- og havbruksnæringen gjev positive ringverknader med nyetableringar og utvikling i kommunen og har mellom anna vore ein forutsetning for den store aktiviteten som er etablert innan offshorenæringa. Austevoll kommune framstår som eit dynamisk og livskraftig fiskeri- og industrisamfunn som ligg strategisk godt plassert i forhold til både fiskefelt og olje- og gassfelt i Nordsjøen. Men denne positive utviklinga er i ferd med å stagnere da kommunen ikkje lengre kan tilby kaiplass og areal til vidareutvikling/nyetablering av bedrifter. Det er derfor sett i gang eit nytt reguleringsplanarbeid, eit samarbeid mellom kommunen og Kystverket, for å utvikle ein robust plan for området.»

Samfunnsdelen til kommuneplan 2012-2023 har Austevoll fiskerihamn som eit satsingsområde:

«Austevoll kommune skal realisera fiskerihamnprosjektet Austevoll fiskerihamn i området Rabben – Salthella for å legge til rette for nye bedriftsetableringar, trygge eksisterande arbeidsplassar og samla servicetilbodet til fiskeriflåten på ein stad.»

Då Hordaland fylkesting handsama Nasjonal transportplan 2014-23 i møte 12. juni 2012 understreka fylkestinget Austevoll fiskerihamn si regionale betyding.

2 Planprosessen

2.1 VARSEL OM OPPSTART

Varsel om oppstart av planarbeidet blei sendt til naboar, grunneigarar og høyringsetatar 30. mars 2012 og annonsert i Bergens tidende 31. mars, Marsteinen 12. april. Varsel om oppstart blei også lagt ut på kommunen si heimeside. Frist for å komme med innspel til oppstart var sett til 11. mai 2012.

Det kom inn 16 innspel til planarbeidet. Desse er samanfatta og kommentert under kapittel 11.

2.2 ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Planen er utarbeidd i regi av Kystverket i samarbeid med Austevoll kommune.

Referansegruppa for arbeidet har vore:

Ordførar Helge André Njåstad	Austevoll kommune
Planleggjar Bjørn Wefring	Austevoll kommune
Planleggjar Marte Kalve Klepsvik	Austevoll kommune
Senioringeniør Rita Svendsbøe	Kystverket
Senioringeniør Asbjørn Dehlin	Kystverket
Tore Dalseide	Austevoll næringsråd
Ingvar Lauvik	Austevoll utbyggingsselskap
Øystein Rabben	Austevoll fiskarlag

Varaordførar Edvard J. Stangeland og plankonsulent Norconsult as har delteke i referansegruppemøta. Referansegruppa har hatt tre møte i løpet av planprosessen.

Arbeidsgruppa for arbeidet har vore Rita Svendsbøe, Helge André Njåstad, Marte Kalve Klepsvik og Norconsult.

2.2.1 Grunneigarmøte

Grunneigarar i området blei inviterte til orienteringsmøte på Selbjørn skule 5. september 2012. I møtet blei det lagt fram ei skisse til plan og grunneigarane blei inviterte til å koma med innspel til skissa. Frist for innspel var sett til 12. september 2012. Innspela er samanfatta og kommenterte i kapittel 11.

2.2.2 ROS-seminar

Verksemdene i området, regionale styresmakter og kommunale einingar med beredskapsansvar var invitert til ROS-seminar 5.september 2012. Her vart planframlegget presentert og det vart arbeidd med fareidentifikasjon og risikovurderingar av uønskte hendingar.

2.3 VURDERING I HØVE FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal det utarbeidast konsekvensutgreiing, jamfør plan- og bygningslova §4-2. I forskrift om konsekvensutgreiingar går det fram kva planar og tiltak som fell inn under kravet om konsekvensutgreiing.

Det har i forkant av dette planarbeidet vore ein prosess mellom Fylkesmannen i Hordaland og Austevoll kommune der spørsmålet om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing har vore drøfta. Ein viser til brev frå Austevoll kommune datert 20.06.2011, brev frå Fylkesmannen datert 07.07.2011 og 10.02.2012, e-post frå Austevoll kommune 10.02.2012 og møte mellom Austevoll kommune og fylkesmannen. Fylkesmannen har uttalt at det kan vere at tiltaket ikkje fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar, men at det er opp til kommunen som planmynde å vurdere dette. Under er det gitt ei vurdering av planframlegget opp mot konsekvensutgreiingsforskrifta.

Føremålet med konsekvensutgreiing er å sikre at det vert teke omsyn til miljø og samfunn under planlegging av tiltak, jamfør konsekvensutgreiingsforskrifta § 1. Ein av intensjonane med konsekvensutgreiinga er å sikre at partar med interesser som kan verte råka av tiltak eller ny arealbruk skal ha høve til å setje seg inn i konsekvensane før det vert tatt ei avgjerd i saka.

§ 2 Planar og tiltak som alltid skal handsamast etter forskrifta:

d) områdereguleringar som legg ut nye område for utbygging

Mesteparten av arealbruken i denne planen er i samsvar med tidlegare reguleringsplanar og kommuneplanens arealdel, sjå utdjuping i kap 3.2. og 3.3.

f) reguleringsplanar som inneheld tiltak som nemnd i vedlegg I

I vedlegg I er det nyetablering av hamn som er utløyssande, jamfør punkt 32 i vedlegget. Utviding av eksisterande hamn har ikkje krav her.

§ 3 Planar og tiltak som skal vurderast etter forskrifta § 4

Vedlegg II i forskrifta har ei liste over tiltak som skal vurderast etter kriteria i § 4. Reguleringsplanar som omfattar slike tiltak skal dermed vurderast. Fiskerihamner og vesentleg endring eller utviding av slike hamner skal vurderast (jfr punkt 26).

Vurdering av reguleringsplanen i høve kriteria i §4

a) Særleg verdifulle landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø

Landskap – området skil seg ikkje ut frå andre område i Austevoll eller regionalt.

Natur – i område mellom holmane som er tenkt til molo er det både ein tareskogførekomst og ein skjelsandførekomst. Begge områda er sett til viktige i naturbase, og vert derfor ikkje fanga opp som særleg verdifulle.

Kulturminne/miljø – ingen automatisk freda kulturminne eller kartlagde verdifulle kulturmiljø.

b) Inngrepsfrie naturområde (INON) eller viktige område for naturmangfald

Området er ikkje INON, men sjøområda med holmar, tareskog og skjelsand kan ha verd for naturmangfaldet (mellom anna sjøfugl og fisk). Området er likevel ikkje spesielt viktig samanlikna med andre område i Austevoll. Det er t.d. fleire sjøfuglreservat og tareførekomstar andre stader i kommunen.

- c) Viktige område for friluftsliv
Området utpeikar seg ikkje som mykje brukt til friluftsliv.
- d) Rikspolitiske retningslinjer eller føresegner, statlege eller regionale planføresegner eller statlege planretningslinjer.
Planframlegget legg ikkje opp til konflikt med slike retningslinjer og føresegner.
- e) Samiske utmarksnæringar eller reindrift: Ikkje relevant.
- f) Større omdisponeringar av landbruksområde
Planområdet omfattar ikkje større landsbruksområde
- g) Auka forureiningsbelastning
Planen vil legge til rette for utviding av industri- og hamneverksemd. Det er i dag etablert verksemdar i området som medfører lukt og støy. I nærområdet til fiskerihamna har spreidd busetnad og det vert ikkje lagt opp til fleire bustader eller fritidsbustader i planframlegget. Det vil ikkje vere ein vesentleg auke i talet på personar som vert utsett for høg belastning av luftforureining, støy eller lukt. Tiltaket vil ikkje føre til vesentleg forureining til jord, vatn eller sediment, og vil heller ikkje føre til vesentleg auke i klimagassutslepp.
- h) Risiko for alvorlege ulykker
Det vert utført risiko- og sårbaranalyse som del av planframlegget, dette punktet vert såleis ivareteke her.
- i) Konsekvensar for befolkninga si helse
Det vert ikkje lagt opp til at planen vil få spesielle verknader for befolkninga si helse.
- j) Tilgjenge til uteområde, bygningar og tenester
Det er ikkje opparbeidde uteområde eller bygningar med viktige tenester i planområdet.
- k) Miljøverknader i annan stat: Ikkje relevant.

Medverknad

Ein viktig del av føremålet med konsekvensutgreiing er at innbyggjarar og råka sektorstyresmakter skal få høve til å setje seg inn i saka og til å komme med innspel. Det vil vere mogleg å ivareta omsynet til medverknad på andre måtar enn ved utarbeiding av konsekvensutgreiing.

Konklusjon

Utvidinga av fiskerihamna vert, basert på kjent kunnskap, ikkje fanga opp av kriteria i § 4. I reguleringsplanen vert det likevel lagt stor vekt på å skildre verknadane av planframlegget. Dagens situasjon er kartlagt og vurdert for desse tema, sjå kap. 6:

- Arealbruk
- Landskapsbilete
- Naturressursar
- Naturmiljø
- Kulturmiljø
- Veg og trafikk

Konsekvensane av planframlegget vert utgreidd etter metodikken i Statens vegvesen si handbok 140, Konsekvensanalyser, sjå kap. 9. Utgreiingstema er:

- Landskapsbilde
- Naturressursar
- Naturmiljø
- Kulturmiljø

I tillegg er konsekvensar for følgjande tema drøfta:

- Nærmiljø og friluftsliv
- Støy

- Lys
- Trafikk

Til slutt er det gjort ei samla vurdering av konsekvensane av planframlegget.

Når det gjeld medverknad har det gjennom planprosessen vore lagt vekt på å legge til rette for informasjon og deltaking, sjå kap 2.2.


Gjennom planprosessen er det ikkje komme fram interesser eller ny kunnskap som rokkar ved den utførte vurderinga av oppfangingskriteria i § 4 i konsekvensutgreiingsforskrifta.

3 Avgrensning av planområdet



Planområdet ligg nordvest på øya Selbjørn i Austevoll kommune.

Området omfattar Salthella, Steinevik, Steinevikneset, ytre del av Djupevåg, Vadholmane, Bleikja med tilstøytande sjøareal. I tillegg inngår trasé for framtidig tilkomstveg frå ytre del av Djupevåg til fylkesveg 151 via Rabben.



Figur 1 Avgrensing av planområdet

Planen omfatter følgende eigedomar:

- Gnr 10 del av bnr 1, 2, 6, 8 mfl.
- Gnr 11 del av bnr 1, 2, 3 og bnr 14.
- Gnr 12 bnr 6, 56-58, 71 og del av bnr 3, 4, 8, 21, 63 mfl.
- Gnr 13 del av bnr 1-5 og 59 samt bnr 13, 18, 20, 39, 40, 48, 49, 51, 52, 54, 56, mfl.

Det vart varsla oppstart på eit større område enn det som nå ligg inne i reguleringsplanen. Planområdet er redusert til å berre å omfatte dei areala som er naudsynte for å etablerer fiskerihamna med tilhøyranda fiskeriretta næringsareal og tilkomstveggar.

4 Gjeldande planar

4.1 NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010-2019

Fiskerihamn på Austevoll er omtalt som eit av dei prioriterte fiskerihamnprosjekta i perioden 2014-2019. I Kystverket sitt Handlingsprogram for same periode er hamna på Austevoll prioritert som ei av fem fiskerihamner på strekninga Stavanger – Trondheim.

«Havneprosjektet består av to nye skjermingsmoloer og utdyping. Utbyggingen vil gi en stor og god havn med nye liggekaier og næringsareal på land. Det er i dag etablert flere bedrifter rettet mot fiskeflåten og havbruksnæringen i området Rabben-Salthella, men mangel på havneareal og havnefasiliteter begrenser bedriftenes ekspansjonsmuligheter. Havnetiltaket vil også legge til rette for nyetablering av servicevirksomhet for fiskeflåten.»

I Statsbudsjettet for 2013 er det sett av midlar til oppstart av arbeidet med utbetring av Austevoll fiskerihamn. Prosjektet er dermed framskynda i forhold til NTP og Kystverket sitt handlingsprogram.

4.2 FYLKESDELPLAN


Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 har ikkje ein arealdel. Arealpolitiske retningslinjer for samferdsel seier:

«1.1 Tilstrekkeleg areal til næringshamner, viktige fiskerihamner, nasjonale og regionale hamner, viktige ankringsplassar og opplagsplassar skal sikrast. Knutepunkt for overgangar land- sjø skal sikrast for integrering av sjøtransport i det totale transportmønsteret.»


4.3 KOMMUNEPLANEN

Gjeldande kommuneplan er frå 2006. Planen er revidert og låg ute til offentlig ettersyn i perioden 02. juli - 14. september 2012. Austevoll fiskerihamn er eit satsingsområde i samfunnsdelen i kommuneplanen. Justeringar av arealbruken i samband med utvidinga av fiskerihamna skal vurderast i reguleringsplanen og går ikkje fram av arealdelen til kommuneplanen. Utsnitt av gjeldande kommuneplan og framlegg til ny kommuneplan er vist under.

Begge karta viser sjøareala i planområdet som hamneområde og eksisterande næringsområde som næring. Det er vist nytt næringsområde på Steinevikneset (merka E) og naustområde på Tøkje (N). Begge plankarta viser også LNF-område på holmane, i Djupevåg og i vestre del av Salthella. På Rabben ligg det inne framtidig bustadområde vest for det eksisterande området. Den vestlegaste delen av dette området ligg innanfor planområdet for fiskerihamna. Område merka med A i gjeldande plan og horisontal skravur i framlegg til plan er regulerte område. I gjeldande plan er heile Stolmaneset vist som LNF-område. I høyringsutkastet ligg det inne eit større industriområde på Stolmaneset, delar av dette inngår i plan for fiskerihamna.



Gjeldende kommuneplan, vedteken i 2006.




Framlegg til revidert kommuneplan, høyringsutkast vår 2012.

Figur 2 Utsnitt av arealdelen i kommuneplanen. Gjeldende plan frå 2006 og framlegg til ny plan.

4.4 REGULERINGSPLANAR

Planar som ligg heilt eller delvis innanfor planområdet:

1. Reguleringsplan for **Salthella hamn og næringsområde** godkjent 25.06.2012. Regulerer molo mellom Salthella og Vadholmane og utviding av næringsområda på Salthella. Steinevik og sørvestre del av Salthelle er naustområde og småbåthamn. Planen ligg innanfor framlegg til ny reguleringsplan.
2. Reguleringsplan for **Rabben hamn- og industriområde** godkjent 22.03.2007. Regulerer utviding av industriområda, ny molo vest for Rabbholmen og utbetring av delar av eksisterande tilkomstveg.



Figur 3 Godkjende reguleringsplanar i området. Planområde er vist med svart stipla linje.

Plan som grensar til planområdet:

3. Reguleringsplan for **Tøkje** godkjent 2005. Regulerer Småbåthamn med naust og molo og utleigebustader.


Andre planar:

4. Reguleringsplan for Djupevåg gnr 11 bnr 2/34 godkjent 12.12.2011. Regulerer fritids og turistformål. (Ikkje vist i kartet)
5. Reguleringsplan for Djupevåg er vedteken i kommunestyret, men ikkje stadfesta. Regulerer fritids- og turistformål, naust og småbåthamn. Plan for bnr 2/34 ligg inne i denne planen. (Ikkje vist i kartet)
6. Reguleringsplan for Rabben godkjent 1986. Planen omfattar bustadfeltet på Rabben.

5 Føringar frå forprosjekt for fiskerihamna

Hamna ved Rabben – Salthella tilfredsstillar ikkje behova til ei effektiv fiskerihamn. Dette gjeld både manøvreringsareal i hamna og tilgjengelege kaiar og næringsareal. Dette heng mellom anna saman med at fartøya er blitt større. Dei største fiskefartøya er 95 m lange. Som grunnlag for planarbeidet er det laga eit forprosjekt (Austevoll fiskerihamn. Forprosjekt, Myklebust AS, 17.06.2011):

- Tidleg i arbeidet med fiskerihamna låg det inne to dekningsmoloar: Ein stor molo frå Salthella i retning aust og ein liten molo frå Rabben i retning vest. Sintef har vurdert effekten av moloane (Sintef rapport «Ny hamn ved Rabben / Salthella» datert 2009-08-12 og Sintef Notat «Salthella / Rabben – forhold i østre del av havna» datert 2011-01-06) og konkluderer med at Rabbenmoloen har tilnærma ingen effekt for å betra tilhøva i hamna. Moloen frå Salthella gjev ei stor og skjerma hamn med romslig manøvreringsareal.
- Salthellamoloen skjermar eit stort område, men heller ikkje denne moloen vil gje tilstrekkeleg skjerming av området utfor Tøkje eller området mellom Djupevåg og Rabben. Desse områda vil vere dårleg egna til hamneformål der det vert sett normale krav til operasjonar og regularitet.



Figur 4 - Ny molotrasé vist med blått og område med størst bølgepåkjenning vist med raudt.

- Hamna må kunne ta inn fiskefartøya som har Austevoll som heimkommune. Typisk lengde er opp mot 95 m og djupgang mindre enn 8 m.
- Djupnene i hamna varierer frå 50 m til synleg berg i dagen. Enkelte grunne parti må utdjupast for å sikre djupne i hamnebassenget.
- Høgde på molokrone er kote + 5,2 på molo frå Salthella til Vestre Vadholmen og kote + 7,3 på molo mellom holmane.
- Skråningshelning på molo er 1: 1,3
- Det vert stilt strenge krav til kvalitet på plastringssteinen, som utgjør ca 11 % av det totale steinvolumet.

5.1 TRONG FOR NÆRINGSAREAL PÅ LAND

I samband med skisse- og forprosjektet vart det gjort ei kartlegging av kva behov dei eksisterande brukarane på Rabben og Salthella har, samt kva behov potensielt nye verksemdar i området har. Tabellen under viser at det i dag er 40 daa sjønære næringsareal fordelt på Rabbenområdet og Salthella. Framtidig behov vil vere ca 80 daa. Fleire av verksemdene som i dag er på Rabben er interessert i å flytte til det nye området innanfor moloen.

	Areal i dag	Framtidig behov	Kai i dag	Framtidig behov kai
Rabben verksemdar	28 daa	45 daa	175 m	370 m
Salthella verksemdar	12 daa	14 daa	125 m	150 m
Nye i området (innmeldt)		9 daa		525 m
Andre verksemdar		12 daa		
SUM	40 daa	80 daa	300 m	1 045 m
Auke frå i dag		40 daa		745 m

Aktuelle nye verksemdar i området er mellom anna flytedokk med tilhøyrande mekanisk verksemd og bunkringsanlegg.

Det innmeldte kaibehovet omfattar alt frå flytebrygger til kaier med djupne 10 m ved kaifront. Totalen kan truleg reduserast noko ved sambruk.

Moloen skal legge til rette for ei framtidsretta hamn som sikrar fiskerinæringa sitt behov i mange år framover. Planen må derfor sikre for eit større næringsareal enn det som er innmeldt frå kjente aktørar i dag.

Gruppa «andre verksemdar» er formål som Austevoll næringsråd har meldt inn at ein bør legge til rette for, som overnatting, skipshandel og kontorverksemdar retta mot hamna.


Utover dei i dag kjende behova forventar kommunen ein synergieffekt der andre aktørar vil etablere seg i området når den nye hamna er etablert.

6 Skildring av området – dagens situasjon

Arealbruk og verdier i området er skildra for planområdet slik det var ved varsel om oppstart, framlegg til plan slik det ligg føre omfattar eit mindre areal. Verdivurderinga i dette kapitlet ligg til grunn for vurdering og siling av ulike alternativ i kap.7. Kriteria for verdisetting av deltema i Statens vegvesen handbok 140 er nytta i arbeidet.

6.1 AREALBRUK

Arealbruken er ei blanding av industri, spreidd busetnad, småskala turstverksemdar, jordbruk og utmark. Store delar av området har skog og utmark med mindre område med kulturmark. Den vestlegaste delen av planområdet grensar til eit større utmarksområde med lynchhei.



Figur 5- Dagens arealbruk. Plangrense frå varsel om oppstart.

Salthella

- Mørenot: Monterer ringnøter og utfører reparasjon av ringnøter og kolmuletråler for den havgåande fiskeflåten, driv med vasking av reiskapar og lasterom samt lagring av fiskereiskapar. Ringnotflåten i Austevoll er der fleire gongar i året for å få utført slike tenester. I tillegg er ein stor del av den norske ringnotflåten elles innom i løpet av året. Behovet for areal har auka dei siste åra grunna auka storleik på reiskapar og utstyr. Mens ei ringnot for nokre år sidan trong ein lagringsplass på 50 m³, er behovet i dag 150-200 m³. Verksemda lagrar også utstyr for trålarflåten, dette utgjør i dag 35- 40 20-fots containerar. Grunna plassmangel må verksemda i dag avvise kundar. Mørenot har også butikk for sal av fiskeutstyr, regnkilde mm.
- Hordafor: Produserer lakseolje og proteinkonsentrat basert på restråstoff frå oppdrettsnæringa. Råstoff og produkt vert transportert med båt og på landevegen. Nyttar den offentlege kaien på Geitholmen.
- Naust og nausttomter i vestre del. Regulert til småbåthamn. Bukta på innsida av holmane har skjerma hamn ved alle vindretningar.
- Bustader og nokre fritidseigedomar i skråninga opp frå sjøen. Dei næraste husa ligg tett på industriområdet. Dei fleste av bustadane ligg utanfor planområdet, men innanfor influensområdet til planen.



Salthella sett frå vest med Rabben i bakgrunnen. Salthella har variert arealbruk med næringsverksemd mot aust, naust og nausttomter mot vest og bustader/fritidshus i bakken overfor hamna.



Hordafor ligg på Geitholmen, Salthella. Den offentlege kaien til venstre i biletet. (nye tankar er monterte etter at biletet vart teke)



Mørenot er den første verksemda ein møter når ein kjem landevegen til Salthella. Framme i bilete er molovegen til Hordafor.

Steinevik og Steinevikneset

- Steinevik gjestegaard driv overnattingstilbod / utleige til fisketuristar i naust på austsida av vika og ombygd løe på garden.
- Eco Subsea som driv med vasking av skipsskrog har lokale i Steinevik. Vask av skip skjer ikkje her, men det kan vere aktuelt å etablere miljøstasjon for vask i tilknytning til fiskerihamna.
- To naust / sjøhus på sørvestsida av vika.
- Steinevikneset har granplantefelt heilt ned mot fjæra.



Kulturlandskap i dalen ned mot Steinevik. Bygget midt i biletet er innreidd som gjestehus.



Steinevikneset sett frå fylkesvegen. Hordafor i bakgrunnen

Tøkje

Arealet ligg utanfor planområdet, men er omtalt sidan det grensar til planen mot nord, vest og sør.

- Fleire bustadhus oppe, mot fylkesvegen
- To naust / sjøhus med kaianlegg og utandørs lagring i vika mot Steinevikneset.
- Neset er regulert til fritidsbustader, naust og småbåthamn med molo.



Hordafor til venstre og Vestre Vadholmen til høyre, sett fra Tøkje.



Svaberg med beite på Tøkje. Naust i vika mot vest.



Bustadhus langs fylkesvegen på Tøkje.



Djupevåg med gardstun og bustader i øvre del og nybygde feriebustader ved sjøen.

Djupevåg

Den ytre delen av delen, som inngår i planområdet, er utmark.

Fleire av bygga i indre del av Djupevåg, utanfor planområdet, vert leigd ut til turistar. I tillegg er her fleire naust og nokre hytter. Baklandet er jordbruksområde med gardstun og bustadhus.



Ytre del av Djupevåg med dei tre holmane. Sjøhuset i framgrunnen ligg utanfor planområdet.

Rabben

- Næringsverksemd med mellom anna:
 - o Egersund Rabben AS. Produksjon og reparasjon av notposar til havbruksnæringa, service og vask, båtverkstad. Produksjonen er arealkrevjande.
 - o Rabben Slipp. Bedrifta har liten aktivitet i dag. Avventar utviklinga i området.
 - o Vestprodukt AS. Bedrifta produserer utstyr til havbruksnæringa, blant anna flytekragar og flåtar. Produksjonen er arealkrevjande grunna auka krav til storleik på det einskilde oppdrettsanlegg. Bedrifta har behov for betre tilgang til sjøareal og kai.
- Liggjekai for fiskefartøy. Grensa for kva hamna i Vestre Rabbavik kan romme av aktivitet er nådd, og ein ser for seg at fiskefartøya vil verte flytta til den nye hamna innanfor moloen på Salthella.
- Langs tilkomstvegen ligg det bustader og jordbruksområde.

Rabben er regulert i ein eigen plan og inngår ikkje i planområdet, men tilkomstveg til ytre Djupevåg går gjennom Rabben.



Vestre Rabbavik med næringsverksemd fiskefartøy ved kai.



Rabben fisekredskap (Egersund Rabben) og naust i austre del av Vestre Rabbavik.

6.2 LANDSKAPSBILETE

NIJOS har delt Noreg inn i 45 landskapsregionar med utgangspunkt i landskapstypar med felles trekk. Denne inndelinga ligg som ein referanse for evaluering og verdisetjing av landskapet, då det vil vere relevant å samanlikne område som ligg innanfor same region.

Dei visuelle landskapskvalitetane blir vurdert ut frå samspelet mellom faktorane *variasjon*, *kontinuitet* og *intensitet*. For område der naturgrunnlaget er dominerande vert landskapet sin verdi fastsett ut frå ei regional vurdering. Utgangspunktet for vurderinga er at eit landskap som er typisk for regionen har middels verdi. Har landskapet visuelle kvalitetar som er *betre* enn vanleg i området, får det høg verdi. Eit landskap med lite variasjon, utydeleg heilskap og låg inntrykksstyrke vil ha mindre verdi. Landskapsverdien må også sjåast i samanheng med sårbarheit – landskapet si evne til å tole, og til å absorbere eit inngrep. Generelt er urørte område meir sårbare enn eit landskap som i utgangspunktet har dei same kvalitetane og den same verdien, men som allereie er influert av anlegg.

6.2.1 Landskapsbiletet i planområdet

Salthella på øya Selbjørn i Austevoll, er kategorisert som landskapstype 20-T1, i Hordaland. Denne landskapstypen omfattar skjergarden frå ope hav og inn til fastlandet eller dei store øyane. I dette landskapet spelar naturkreftene ei stor rolle for opplevinga av landskapet. Høg himmel og ope hav skapar eit stadig skiftande bilete, i møtet med den smale strandflata og den låge, men bratte klippekysten som er typisk for regionen. Lausmassar er det generelt lite av, og nakent fjell dominerer denne landskapstypen. Typisk vegetasjon er trelaus kystlynghei og myr, men nokre stader er den tidlegare opne kystlyngheia tilplanta med barskog.

Det er landskapet si hovudform og møtet med havet, som er dei viktigaste komponentane i opplevinga av dette landskapsbiletet. I dette skjeringspunktet ligg planområdet.



Landskapsbiletet i planområdet.

Planområdet dekkjer eit stort sjøareal, samt delar av det landarealet som er direkte knytt til sjøen. Kyststripa er relativt bratt, oppdelt, og typisk for regionen – utan strandflate. Dette gjer at opplevinga av landskapet er svært ulikt i fjernverknad og nærverknad. Ute frå sjøen, og frå Stolmen på andre sida av sundet, får ein eit overblikk over heile planområdet. Her er det lange siktlinjer, i eit stort samanhengande landskapsrom. Frå fylkesvegen som går langs nordsida av Selbjørn, får ein berre glimtvisse inntrykk av planområdet. Her deler det kuperte terrenget og vegetasjonen landskapet opp i mange mindre rom med ulikt innhald.



Sjøbruksmiljøet Steinevik sett frå sjøen. Nokre av bygningane til venstre er ein del av Steinevik gjestegard.



Sjøbruksmiljøet i Djupevåg kjem til syne mellom holmane på veg inn frå sjøen. Huset til venstre vert leigd ut til turistar.




Steinevikneset med sin karakteristiske høge profil og tette granskog eksponert mot sjøen.



Rabben er hamn, men også lager for ulike industriverksemder.



Delområdet Rabben femner også om kulturlandskap, typisk for regionen. Vegen er tilkomst til næringsområdet på Rabben.



Figur 6 - Verdikart – Landskap. Nummereringa i kartet refererer til element omtalt i teksten i tabell på neste side.

6.2.2 Verdivurdering

Planområdet omfattar i utgangspunktet eit landskap som er representativt for regionen. Delt inn i mindre einingar kan biletet likevel differensierast noko. Områdeinndelinga i tabellen referer til Figur 17 på side 59.

Nr.	Område namn	Skildring	Verdi
1	Holmane	Landskap urørt av inngrep. Holmane representerer spesielt sårbare element i det opne landskapet, ved at dei er svært eksponerte både frå sjøen, og frå standpunkt inne på land. Holmane utgjør fokuspunkt i dette landskapet, og gjev rommet karakter, identitet og skala. (Nr. 3,4,5)	Middels - stor
2	Salthella	Dagens Salthella-molo med anlegg og infrastruktur er eit skapt landskap, som framstår med ei samling av ulike strukturar. Det er lite heilskapleg og med få visuelle kvalitetar. Området er ikkje sårbart for nye inngrep isolert sett, men den eksponerte plasseringa gjer at det ikkje vil vere likegyldig for omkringliggjande område korleis dette arealet blir disponert. (Nr. 2,6)	Middels - liten
3	Heia	Den delen av lyngheia som ligg innanfor planområdet er grodd til med furuskog, og den ligg mindre eksponert mot leia enn den sentrale delen av Stolmaneset. Landskapet her er typisk for regionen, og det er i dag urørt av inngrep. (Nr. 1)	Middels
4	Steinevik	Sjøbruksmiljø i samanheng med eit heilskapleg og velhalde jordbrukslandskap. Bygningar og anlegg står fram i ein god relasjon med landskapet. Delområdet representerer eit godt døme på eit typisk eldre kulturlandskap i regionen. (Nr. 7)	Middels – stor
5	Steinevikneset	Står fram som ei tydeleg terrengform, understreka av den tette, mørke granskogen som dekkjer heile neset. Vegetasjonen er ikkje heimehøyrande i denne landskapstypen, og tilfører ikkje området nokon verdi. Terrengforma sitt store relieff med den tette vegetasjonen, gjer saman med den eksponerte plasseringa, at terrenginngrep vil verte svært synlege. Steinevikneset er sårbart for inngrep i terrenget mot sjøen.	Middels
6	Djupevåg	Eit heilskapleg og velhalde kulturlandskap, frå innmarkene på garden til sjøbruksmiljøet ved fjorden. Holmane som skjermar Djupevågen frå sjøen skapar ein variasjon i landskapet, og aukar opplevingsverdien av det. Den naturleg lune hamna har vore avgjerande for etablering av kulturlandskapet her. Delområdet er sårbart for inngrep som kan sperre fysisk og/ eller visuell kontakt mellom leia og hamna inne i Djupevågen. (Nr. 8)	Middels – stor
7	Rabben	Hamneområdet, som ligg utanfor plangrensa, ber preg av ulike industrietableringar, som i fleire tilfelle er lagt ned men ikkje fullstendig avvikla. Slik området ligg no, har det såleis liten verdi for landskapsbiletet. Planområdet femner om ein liten del av dette arealet, men følgjer elles vegen gjennom eit kulturlandskap typisk for regionen. (Nr. 9 og 10)	Middels – liten

6.3 NATURRESSURSAR

Med naturressursar meiner vi landbruk (jordbruk og skogbruk) og andre ressursar i naturen som kan nyttast kommersielt. Fiske til næring er innanfor dette temaet, medan fiske som fritidsaktivitet er vurdert under nærmiljø/friluftsliv.

6.3.1 *Naturressursane i området*

Jordbruk

Landbruket i Austevoll er dominert av villsauhald. Denne husdyrrasen var i ferd med å døy ut, men vart redda ikkje minst på grunn av innsatsen frå bøndene i Austevoll. I Austevoll finn vi ikkje store samanhengande landbruksareal, det er ei veksling mellom mindre flekkar med dyrka mark og skrinne område med kystlynghei og berg i dagen. Slik er det også i Rabben-Salthella området. Den dyrka marka og innmarksbeite finn vi nær tuna, i fordjupingar der det er nok jord. Det er denne mosaikken som særpregar produksjonslandskapet i Austevoll. Område med verdi for villsauhaldet er derfor både kystlynghei (vinterbeite) og innmarksbeite/dyrka mark.



*Dyrka
mark/innmarksbeite på
Salthella*



og i Steinevik.

I planområdet beitar det villsau i lyngheia (Stolmanes) og på innmarka. Det er tre gardar med innmark; Rabben (gnr 10), Djupevåg (gnr 11) og Tøkje – Steinevik (gnr 12), sjå Figur 7. I tillegg vert lyngheia på Stolmanes nytta til beite (gnr 13).

Skogbruk

Steinevikneset og Steinevik har nokre mindre område med planta gran på middels til høg bonitet. Feltet på Steinevikneset er det største og er på middels bonitet, dei andre områda er mindre og lite samanhengande utan særleg verdi for skogbruket.



Steinevikneset og Salthella, sett frå vest.

Skjelsand

Ein mogleg skjelsandførekomst strekkjer seg frå Salthella til Vadholmane. Førekomsten ligg på 10-40 m djup. Samla areal er 50 000 m², og med ei gjennomsnittsdjupne på 3 m vert den totale mengda stipulert til 150 000 m³ (NGU-rapport 95.031). Staten har rett til å ta ut denne. Ved utfylling i samband med bygging av moloen vert det truleg naudsynt å fjerne skjelsanden. Dette vil då vere ein ressurs som kan seljast vidare. Skjelsandområde er i tillegg ein naturverdi som biotop for marine organismar. Dette er skildra i kapittel 6.4.


Fiske

Det er i fiskeridirektoratet sitt innsynsverktøy vist tre kaste- og låssettingsplassar innanfor planområdet; Salthella, Steinevik og Djupevåg. Austevoll fiskarlag har nyleg hatt ein gjennomgang av kaste- og låssettingsplassar og opplyser at det er berre lokaliteten ved Salthella som framleis er aktuell, og at dei to andre vil gå ut.

6.3.2 Verdivurdering

Område med verdi for naturressursar er avgrensa, skildra og gitt ein verdi.

Nr	Område namn	Skildring	Verdi
1	Kvernevik	Innmark	Liten-middels
2	Tøkje	Innmark	Liten
3	Djupevåg	Innmark	Liten-middels
4	Rabben	Innmark	Liten-middels
5	Vadholmane	Skjelsand	Liten-middels
6	Salthella	Kaste- og låssettingsplass	Liten
7	Steinevikneset	Skog	Liten



Figur 7 Verdikart – Naturressursar

6.4 NATURMILJØ

Naturmiljø handlar om naturtypar og artsførekomstar som har verdi for levegrunnlaget til dyr og plantar. Området er skildra og vurdert på grunnlag av informasjon i tilgjengelege databasar, kart, flyfoto og synfaring 9.mai 2012. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert i høve til naturmangfaldlova § 8.

6.4.1 Naturmiljøet i området

Lokalitetar med registrerte naturverdiar er avgrensa og skildra.

Lokalitet 1 – Holmanakken, Vadholmane og Bleikja

Tareskog - Frå Holmenakken (Salthella) og nordover til Vadholmane og Bleikja er det eit større område med tareskog med berre stortare (179 daa). Tilstanden vert rekna som god og verdien er sett til viktig (naturbase.no). Tareskog har eit stort mangfald av artar og har grunnleggjande funksjonar for plantar og dyr. Naturtypen er yngle- og oppvekstområde, gøymestad og beiteplass for fisk. Blautdyra og krepsdyra i tareskogen er viktige som næringsdyr for fisk, krabbe og hummar. Dette skapar også god mattilgang for ein del sjøfugl. Tareskogbotn er ein naturtype med status som nær trua (NT) i raudlista for naturtypar.

Skjelsand - Frå Salthella og nordover mellom Vadholmane ligg eit skjelsandområde på 53 daa (naturbase.no). Skjelsand er eit habitat som ofte er rikt på blautbotnfauna, og fungerer som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar. Større krepsdyr nyttar skjelsandbankane til paringsplassar og ved skalskifte, i tillegg til at dei finn matgrunnlag her. Skjelsand som naturressurs er skildra i kapittel 6.3.

Sjøfugl - Området med tareskog i kombinasjon med skjelsand tilseier at det området kan vere eit bra habitat for sjøfugl. På synfaringa var det registrert svartbak på reir både på Bleikja og på Vette Bleikja utanfor Djupevåg. Det vart elles observert terner, tjeld og ærfugl kring holmane, både ved Holmenakken og Vadholmane-Bleikja. I mars i 2012 var det observert siland, storskarv, fjæreplytt og fiskemåke ved Salthella (artsdatabanken.no). Området er ikkje verna som sjøfuglreservat, det er sjøfuglreservat lenger nord ved Møgster. Døme på raudlisteartar som sannsynlegvis nyttar området er fiskemåke (NT= nær trua) og makrellterne (VU = sårbar).



Både Bleikja (t v) og Inste Bleikja (t h) har gode tilhøve for sjøfugl.

Lokalitet 2 – Stolmanes

Kystlynghei - Området utgjør nordre del av eit stort området med kystlynghei (10 km²), som er registrert som ein viktig naturtype (naturbase.no). Lyngheia er beita av villsau, og delar av området har vore svidd dei siste åra. Mesteparten av området er likevel dominert av gammal forveda røsslyng og har mindre god tilstand. Det er innslag av purpurlyng i sørvendte skråningar, purpurlyng har status som nær trua (NT) på raudlista for artar 2010. Området på Stolmanes verkar frodigare enn områda sør for vegen som har meir berg i dagen.

Lokalitet 3 - Kvernevik

Bekk – Bekken er tydeleg frå fylkesvegen og renn ned til Kvernevika gjennom eit lite myrdrag.

Lokalitet 4 - Tøkje

Strandberg - Ope strandberg med beitepreg, berggrunnskartet viser fylitt og kan gje potensiale for kalkkrevjande artar. Området er ikkje registrert i kommunen si kartlegging av biologisk mangfald og er ikkje nærare undersøkt då dette område er omfatta av ein annan reguleringsplan.

Lokalitet 5 - Djupevåg

Bekk med utløp – Bekken kjem frå myrane lenger inne på øya. Gjennom planarbeidet har det komme fram opplysningar om at det tidlegare var ål i elveløpet og innerst i Djupevåg. Det kan ikkje utelukkast at det framleis er ål her. Ål har status som kritisk trua (CR) på norsk raudliste for artar 2010.

Lokalitet 6 – Vettle Bleikja

Open holme med betydning for sjøfugl - mellom anna hekkeplass for måke (svartbak) og gjerne også andre måkeartar og terner som hekkar noko seinare enn det som var observert på synfaringa i byrjinga av mai. Slike opne holmar vert det mindre av på grunn av attgroing. Dette er ein del av årsaka til nedgang av hekkebestanden til måker og terner.


6.4.2 Kunnskapsgrunnlaget Naturmangfaldlova § 8

Det er innhenta kunnskap om naturmangfaldet i planområdet både frå tilgjengelege databasar og gjennom synfaring. Behovet for kunnskap skal tilpassast saka. For dei områda som vert endra gjennom planframlegget er det god kunnskap om naturmangfaldet og korleis dette vert råka av dei føreslåtte endringane. Det er ikkje alle delområda som er like godt synfarne, men desse områda vert det heller ikkje foreslått endringar i.

6.4.3 Verdivurdering

Område med verdi for naturmiljø er avgrensa, skildra og gitt ein verdi, sjå tabell og figur. Naturtypar og artar som er på raudlista har raudlistekategorien i parentes.

Nr	Område namn	Skildring	Verdi
1	Holmanakken, Vadholmane og Bleikja	Tareskog (NT), skjelsand, sjøfugl	Middels-stor
2	Stolmanes	Kystlynghei m purpurlyng (NT)	Middels
3	Kvernevik	Bekk	Liten-middels
4	Tøkje	Strandberg	Liten-middels
5	Djupevåg	Bekk, mogleg habitat for ål (CR)	Liten-middels
6	Vettle Bleikja	Open holme, sjøfugl	Liten-middels



Figur 8 - Verdikart – Naturmiljø.

6.5 KULTURMILJØ

Kulturmiljø er definert som område kor kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Ved avgrensing av kulturmiljø må det påvisast i kva heilskap eller samanheng kulturminna inngår. Det finst fleire ulike kategoriar av kulturmiljø, som til dømes fornminne, gardsmiljø/fiskebruk og tekniske/industrielle kulturmiljø.

Kulturminne er i Lov om kulturminner av 1978, nr. 50 (kulturminneloven) definert som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til», jf. kulturminneloven § 2, første ledd.

Ein skil mellom faste og lause (arkeologiske) kulturminne. *Faste kulturminne*, eller *fornminne*, er til dømes buplassar, gravhaugar eller -røyser, kokegroper, stolpehol, høler, hellerar og byanlegg. *Lause kulturminne*, eller *fornfunn*, er gjenstandar som er tilfeldig funne eller funne gjennom ei arkeologisk utgraving. Alle faste arkeologiske kulturminne, kjente og ukjente, frå tida før reformasjonen i 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år og alle erklærte ståande bygningar eldre enn år 1650, vert rekna som automatisk freda.

Nyare tids kulturminne er kulturminne yngre enn reformasjonen. Dei kan bli freda etter kulturminnelova, bli regulert som del av ein omsynssone etter plan- og bygningslova, eller sikrast gjennom kommunedelplanar og liknande. I kulturminnelova er ikkje-freda bygningar og anlegg frå før 1850 gitt eit vern etter § 25, gjennom meldeplikt i høve til planar om riving eller vesentlege endringar. Lova gir også tilgang til å verne fleire andre kulturminnekategoriar (som kyrkjer, myntar og skipsfunn) frå nyare tid.

6.5.1 Kulturminne og kulturmiljø i planområdet

Innanfor planområdet er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne. På garden Rabben vart det i samband med ein reguleringsplan registrert ein buplass frå steinalder, og dette er det eldste kulturminnet som er kjent frå denne delen av Austevoll.

Nyare tids kulturminne finst fleire stader i og ved planområdet. Dette er i hovudsak bygningar og andre kulturminne knytt til sjøbruksmiljø og gardsmiljø. Det er få av kulturmiljøa ved Salthella som ligg i uforstyrta og opphavleg kontekst. Stor grad av nyare tids aktivitet, ikkje minst på Salthella og Rabben, har forstyrta dei eldre kulturmiljøa, og såleis redusert verdien.

På Salthelleholmen ved Salthella er det eit marmorbrot. Det var drift her allereie på Kristian IV's tid, i byrjinga av 1600-åra, men uttak av marmor, som pryd- og byggestein, føregikk hovudsakeleg frå tidleg på 1700-talet og fram til 1820. I eit halvt århundre dreiv De Lillianschioldske Marmorværker brot ein rekkje stadar i Sunnhordland. Storparten av produksjonen vart skipa til København og nytta i og ved dei kongelige gemakke. Marmor frå brotet på Salthelleholmen er mellom anna brukt i Norge-monumentet ved Fredensborg Slott i Danmark. Drifta vart etter Lillianschiolds tid tatt opp att i fleire av brota, og fortsette med nye eigarar til byrjinga av 1800-talet. Det er framleis synlege spor etter drifta i marmorbrotet.

Det er skilt ut ni kulturmiljø i og ved planområdet for ny fiskerihamn, alle sett saman av nyare tids kulturminne.




«Abelonebutikken» i Steinevik.



Djupevåg. Sveitservilla frå 1890-åra.

6.5.2 Verdivurdering

Ein viktig del av ei konsekvensutreiing er verdivurderinga. Verdivurderingar vert gjort for dei kulturmiljøa som kan bli påverka av eit tiltak. Verdisetting av kulturminne vil alltid vere vanskeleg, då «verdien» vil vere avhengig av i kva samanheng verdisettinga blir gjort, av kven som set verdien, osb.



Figur 9 Verdikart – Kulturmiljø. Talla refererer til nummerering av kulturmiljø i teksten i tabell (KM1-KM9). Fortøyingboltar er vist med raud prikk.

Verdivurderinga nedanfor (og den seinare konsekvensanalysen i kapittel 9) er gjort på dei seks delområda som planområdet er delt inn i, og skil seg slik frå metodikken i Handbok 140, kor det er dei einskilde kulturmiljøa som vert konsekvensanalysert. Årsaka til denne endringa av metode er gjort for å lette samanlikninga av tiltakets konsekvens for dei ulike deltema. (Nummereringa av områda i tabellen referer til kart i Figur 17 på side 59.)

Nr.	Område	Skildring	Verdi
1	Holmane	Det finst to fortøyingsboltar innanfor delområde Holmane. Den på Austre Vadholmen er i god stand. Den andre er særers dårleg bevart.	Liten
2	Salthella	Gardsbruket på Salthella vart rydda under garden Steinevik, og var lenge ein plass, som oppsitjarane i Steinevik eigde og dreiv med husmenn og leiglendingar. Utanfor Salthelleholmen var det god ankergrunn på Salthelleflakket, der seglskipa ankra opp. Kulturmiljøet på Salthella (KM9) inneheld SEFRAK-registrerte naust og sjøbu frå 18-1900-talet. Her er òg marine kulturminne (anker og fortøyingsbolt). På Salthelleholmen ligg det eit marmorbrot. Miljøet ligg i liten grad i opphavleg kontekst, men inneheld einskilde bygningar med arkitektonisk betyding.	Liten - middels
3	Heia	Det er ingen kjende kulturminne innanfor dette området.	-
4	Steinevik	Steinevik var Kongegods inntil 1667. Sidan har det vore fleire eigarar. Namnet kjem frå to store steinar som ligg inst i vika. Det er skilt ut to kulturmiljø: • KM6 eit sjøbruksmiljø med mellom anna eit gammalt felleshus for røyking av sild. Her ligg òg gamlebutikken, eller «Abelonebutikken». Abelone Karia Larsdatter Møgster starta opp butikken sin på 1920-talet. • KM7 er eldre gardsbygningar. Miljøet ligg i delvis opphavleg kontekst, og inneheld einskilde bygningar med arkitektonisk betyding.	Middels
5	Steinevikneset	Steinevikneset er neset mellom Steinevik i sørvest og Djupevåg i nordaust. Innanfor delområdet ligg det to mindre kulturmiljø: • KM5 eit mindre sjøbruksmiljø med einskilde eldre bygningar. • KM8 er eit kulturlandskapsområde med kulturspor i form av steingardar. Bygningsmiljøet er vanleg førekommande, og inneheld bygningar av avgrensa arkitektonisk verdi.	Liten
6	Djupevåg	Djupevåg var kongegods fram til 1667. Innanfor området ligg: • KM3, sjøbruksmiljø. Det består av våningshus i sveitserstil, bygd av Nils Djupevåg ca. 1890-95, og eldre sjøbuer. På Slåttholmen er det ruin av nothengje. På innsida av holmen er det ein fortøyingsplass som framleis er i hevd. Miljøet ligg i delvis opphavleg kontekst, og inneheld einskilde bygningar med arkitektonisk betyding. • KM4 ved fylkesveg 151 inneheld kulturlandskap med steinsett bekk og steinklopp.	Middels
7	Rabben	Innanfor og attmed delområde 7 er det to kulturmiljø. Dei to kulturmiljøa ligg delvis i opphavleg kontekst, men inneheld bygningar av liten arkitektonisk: • KM1 utmarksområde med fire små, oppmura tufter og fire SEFRAK-registrerte ruinar etter gardshus frå 1700-talet. • KM2 kulturlandskap med kulturspor i steingardar og bakkemurar.	Liten - middels

6.6 VEG- OG TRAFIKKILHØVE

Tilkomst til områda som no vert regulert skjer via fylkesveg 151. Fylkesveg 151 er vegen som tar av frå fylkesveg 546 (tidlegare riksveg) ved Bekkjarvik i aust og som går til Stolmen i vest. Standarden på vegen er dårleg med mange og krappe kurvar og smal vegbane utan gul midtstripe. Frå avkøyrsla til Salthella og vidare mot vest er standarden betre med slakare kurvatur og litt breiare vegbane. Fv151 har bruksklasse Bk10 med tillatt vogntoglengde på 19,5 meter og maksimal totalvekt på 50 tonn. Årsdøgntrafikken (ÅDT) på fylkesvegen er 1000 køyretøy.



Fylkesveg 151 mellom Djupevåg og Steinevik



Fylkesveg 151 mot Stolmasundet bru

Eksisterande tilkomstveger til industriområda ved Rabben og Steinevik har låg standard. I hovudsak er vegane utforma med eit køyrefelt og møteplassar. Nokre stader er det bratte stigningar, t.d. siste del ned mot Steinevik. Vegane går gjennom spreidd busetnad og landbruksområde. Det er ikkje data på trafikkmengdene på desse vegane.



Tilkomstvegen til Salthella er bratt og svingete.



Tilkomstvegen til Rabben.

7 Alternativ som har vore vurdert i planarbeidet

7.1 LOKALISERING AV STEINUTTAK FOR BYGGING AV MOLO


Det er eit mål at moloen skal byggast av lokal stein, frå eit areal som seinare vert gjort om til næringsområde.

Multiconsult as har gjort vurderingar av bergkvaliteten i området med tanke på lokalitetar egna for steinuttak.


Arbeidet konkluderer med at området frå Stolmaneset mot Salthella er eit område med gabbro som har sikker kvalitet for filter og dekklag i moloen. Planen omfattar derfor eit steinuttak like vest for Salthella. Steinuttaket vert regulert som framtidig næringsområde.

I notatet er også andre areal i planområdet vurdert som steinuttak. Berggrunnen her er eigna til kjernemateriale i moloane. Annan bruk krev oppfølging, sortering og mellomlagring.

Det har vore vurdert å trekke steinuttaket vestover mot Stolmaneset. Ei slik lokalisering er forkasta av omsyn til landskapet og av funksjonelle omsyn. Inngrepet vil verte svært eksponert med høge skjeringar mot sjøen og inngrep knytt til fiskerihamna vert spreitt over eit stort areal. Stolmaneset er dårleg eigna til hamn, og eit næringsareal her vil ikkje vere ei erstatning for næringsareal innanfor



7.2 ALTERNATIVE NÆRINGSOMRÅDE



Figur 10 – Næringsområde som har vore vurdert i planprosessen, vist med rosa. Lilla er utbygde område.

Ei utfordring i planarbeidet har vore å finne tilstrekkeleg med gode sjønære næringsareal i hamna. I gjeldande kommuneplan og i framlegg til kommuneplan ligg det berre inne eit område på Steinevikneset i tillegg til dei områda som alt er teke i bruk. På Salthella og Rabben er det regulert ei viss utviding av dagens område, men ikkje nok til å dekke behovet i den framtidige fiskerihamna.

Terrenget stig bratt langs heile strandsona og sjøen er djup i mesteparten av planområdet. Det legg føringar for kvar ein kan etablere ny næring. Areal som er vurdert ligg enten inne i gjeldande kommuneplan eller dei ligg innanfor moloen og er grunnare en kote – 10. I tillegg er det teke med eit areal der berggrunnen er eigna for steinuttak til molobygging, sjå kapittel 7.1.

Under følgjer ei oversikt over alle områda som er vurdert og ei kort grunngjeving av kvifor einskilde område er teke ut av planen.

1. Holmenakken.

- Nordre del ligg inne i gjeldande reguleringsplan.
- Vestre del er småbåthamn i kommuneplanframlegg
- Den sørvestre delen er i bruk som naustområde.
 - Landskapsbilete: middels verdi men liten innverknad sidan arealet knytter seg til eksisterande anlegg.
 - Naturmiljø liten verdi og ubetydelig konflikt ved fylling i sjø.
 - Kulturminnemiljøet i området har liten/middels verdi, men næring på det aktuelle arealet gir ingen konflikt.
 - Nærmiljø: Konflikt i høve nausttomter som forsvinn.
 - Naturressursar: Ingen konflikt

Det er store grunneigarinteresser knytt til småbåthamn / naustområde og potensiale for framtidig småbåthamn, spesielt i den indre/søraustre delen. Ei bruksendring vil føre til stor konflikt med desse interessene.

Søraustre del av området inngår derfor ikkje som næringsområde i planen.

2. **Salthella aust.** Ikkje aktuelt med utviding slik verksemdene er organisert i dag, men djupne – og hamnetilhøva er egna til utviding av næringsområda. Området inngår derfor i planen.
3. **Salthella vest:** Naustområde og småbåthamn.
 - Landskapsbilete: Middels konflikt. Naustmiljø, strandsone med middels verdi.
 - Naturmiljø: Ubetydelig konflikt ved fylling i sjø.
 - Kulturminnemiljø: Middels konflikt i området med liten/middels verdi. Naustmiljø forsvinn og tidlegare hamn vert fylt igjen.
 - Nærmiljø: Middels konflikt. Bustader på Salthella får auka belastning. Naust forsvinn.
 - Naturressursar: Ingen konflikt

Det er stor konflikt mot grunneigarinteressene som ønskjer å vidareutvikle dagens bruk.

Området inngår derfor ikkje i planen som nytt næringsområde.

4. **«Heia».** Berggrunnen i området er svært godt egna til molobygging og området inngår derfor som steinbrot og framtidig næringsområde.
5. **Steinevikneset** ligg inne i kommuneplanen. Arealbruken vert vidareført i reguleringsplanen.
6. **Steinevik** er eit naustområde med turistverksemd.
 - Landskapsbilete: Svært stor konflikt. Øydelegg eit heilskapleg og opplevingsrikt landskap med middels/stor verdi.
 - Naturmiljø: Liten konflikt
 - Kulturminnemiljø har middels verdi og vil verte øydelagt. Svært stor konflikt.
 - Nærmiljø: Svært stor konflikt. Turistverksemda i Steinevik mister sin attraktivitet. Nokre naust forsvinn.
 - Naturressursar: Middels konflikt mot landbruksinteresser med liten/middels verdi (dyrka mark og beite).

Samla sett er det vurdert at ei bruksendring har svært stor konflikt.

Arealet inngår derfor ikkje i planen som industriområde.

- 7 og 8. **Holmane:** Dei gode hamnetilhøva gjer at områda vert regulerte som næringsområde.
9. **Djupevåg:** Det ligg til rette for næringsareal med gode hamnetilhøve om ein fyller ut mellom holmane. Området inngår derfor i planen som næringsareal.
10. **Rabben:** Arealet inngår i gjeldande reguleringsplan for Rabben og kan byggast uavhengig av ny reguleringsplan. Sjølv etter at ny molo er etablert er vestre del av området dårleg egna til hamn der det vert sett normale krav til operasjonar og regularitet. Rabben vil derfor ikkje kunne ekspandere som fiskerihamn. Dersom verksemdene som i dag er knytt til fiskeriflåten vert flytta til hamna på Salthella, vil dei andre verksemdene på Rabben ha ekspansjonsmoglegheit innanfor det regulerte næringsarealet. Dette er i stor grad verksemdar retta mot oppdrettsnæringa.

Sidan Rabben allereie er regulert inngår ikkje arealet i planen for fiskerihamna.


Areal som inngår i planen som framtidige næringsområde er: vestre del av Holmanakken, Salthella aust, Heia, Steinevikneset, Holmane og Djupevåg.

Konsekvensar av tiltaket for områda som inngår i planen er skildra i kapittel 9.


7.3 ALTERNATIVE TILKOMSTVEGAR TIL STEINEVIKNESET

Tre ulike vegar har vore vurdert som tilkomst til nytt industriområde på Steinevikneset.

1. Fylling og bru over Steinevika. Seglingshøgde 5 m. Veg direkte frå kainivå på Salthella til kainivå på Steinevikneset.
2. Veg frå Salthella om Steinevika via øvre del av framtidig industriområde og ned til kainivå.
3. Veg direkte frå fylkesvegen med kryss på Tøkje ned mot kainivå.



Figur 11 - Alternative tilkomststar til Steinevikneset. Føreslegne industriområde med grått. Ny tilkomst til Salthella er vist med mørk grå




3D skisse av alternativ 1 med fylling og bru over vika.




Alternativ 1 går på bru/fylling frå ytst i Steinevik til Salthella. Det gule huset må rivast.

Alternativ 1 på bru gir ein god samanheng mellom industriområda i hamna. Slik skissa er vist vil brua ta ein del av hamnebassenget framfor Mørenot. Det kan vere problematisk når dei største fiskefartøya (opp mot 100 m lange) ligg til kai. For ikkje å komme i konflikt med dagens drift hos Mørenot må vegen eventuelt trekkast lenger inn i vika. Ein veg lenger inn vil vere negativt for landskaps-, kulturmiljø- og nærmiljøverdiane i Steinevik. **Det er derfor valt å ikkje gå vidare med denne løysinga i planen.**



3D skisse av alternativ 2 med veg om Steinevik. Sett frå sjøen. Veggen vil gå i høg skjering langs sørsida av vika.



Alternativ 2 kryssar kulturlandskapet i Steinevik på fylling. Veggen ligg i skjering på begge sider av dalen og går tung inn i terrenget mot aust. Midt i biletet - dei to steinane inst i vika.

Alternativ 2 med veg om Steinevik gir ein lang veg, 800 m før ein er nede til kainivå på Steinevikneset. Ein veg langs sjøen på austsida av vika vil vere øydeleggande for sjøbruksmiljøet. Veggen må derfor gå opp i øvre del av neset og dei potensielle næringsområda der, før ein når kainivå. Alternativet fører til tunge terrenginngrep og vegen vil liggje som ein barriere mellom sjøen og kulturlandskapet i Steinevik. Alternativet har svært stor konflikt i høve landskap, kulturmiljø og nærmiljø. **Det er derfor valt å ikkje gå vidare med denne løysinga i planen.**

Alternativ 3 med veg til Steinevikneset frå fylkesvegen på Tøkje er den kortaste vegen og den vegen som har minst konflikt i høve til andre interesser. **Alternativet er derfor valt som tilkomst til industriområdet.**

8 Skildring av framlegg til plan

Planen legg til rette for ei regional fiskerihamn med ca 195 daa næringsareal for fiskerinæringa på Salthella. Etablering av molo frå Salthella til Vadholmane og vidare til Bleikja gjev ei stor og skjerma hamn. I tilknytning til hamna er det vist totalt 154 daa industriområde med kai. Industriområda er tenkt nytta til not- og trålservice, lagring av reiskapar og service til fiskarflåten.

Dei nye industriområda ligg i tilknytning til eksisterande område på Salthella, som nye område på holmane med tilkomst frå ny veg på moloen, som framtidig område på Steinevikneset og på utfyllt areal mellom holmane i Djupevåg. Det er opna opp for etablering av bunkringanlegg på Bleikja og flytedokk med tilhøyrande mekanisk verksemd på Vadholmen. Langs moloen mellom Salthella og Vadholmen vil ein også kunne bygge liggjekaier utan bakareal.


Av praktiske og økonomiske årsaker er det ønskeleg å nytte lokal stein til bygging av hamna. Det er derfor lagt inn eit steinuttak på heia vest for Salthella. Steinuttaket skal nyttast til næringsområde når anleggsperioden er ferdig. For transport av steinmassar til sjøen er det foreslått ein anleggsveg gjennom steinuttaket frå hamna til fylkesvegen. Når anlegget er ferdig vil denne vegen verte hovudtilkomsten til fiskerihamna

Planen opnar også for ei vidareutvikling av naust- og småbåthamnsmiljøet på Salthella og næringsverksemda i Steinevik.



8.1 REGULERINGSFORMÅL

Formål	Areal (daa)
Bygninger og anlegg	
Bustader – frittliggjande småhus (BF)	6,1
Næringsbygninger (N1-N5)	35,0
Industri (IND1- IND8)	150,3
Småbåtanlegg (SA)	1,3
Naust (UN1 – UN5)	7,8
Kombinert turistformål / næring - AB1	3,6
Kombinert formål industri / kai - AB2	1,5
Kombinert formål Næring / steinbrot - AB3	4,8
Totalt byggeområda	210,4
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg (KV1 – KV9)	
Gangveg (G)	
Annan veggrunn - grøntareal	
Hamn (H1 – H3)	
Kai	
Hamn/ bruk og vern av sjø	
Grøntstruktur	
Vegetasjonsskjerm (VS1 – VS3)	
Landbruks-, natur- og friluftformål	
Landbruksformål (LNFL)	16,8
Naturformål (LNFN)	
Landbruksformål med spredde næringsbygg (LNFNB1)	20,5
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	
Hamneområde i sjø (HA1 – HA3)	
Småbåthamn (SH1 – SH2)	
Kaste og låssetjingsplass (KLP)	
Omsynssone	
Sikringssone	
Faresone	



Figur 12 - Illustrasjonsplan

8.2 BYGGEFORMÅL

8.2.1 Bustader frittliggjande

Område for tre eksisterande einebustader som vert oppretthaldne som i dag.

8.2.2 Næringsbygningar

Felt N1 og N2 er næringsbygg for småindustri, handverk- og lagerverksemd med høve til å etablere overnattingsverksemd, servering eller mindre salslokale for varer med tilknytning til verksemdene i området. Området inneheld i dag av 2 einebustader og ei hytte. For å få eit samanhengande næringsområde frå hamna til fylkesvegen og for å redusere framtidige konflikhtar mellom fiskerihamna og bustader er desse eigedomane foreslegne gjort om til næring. Næringsområdet vil verte ein buffer mellom industriområda i hamna og bustadane lenger oppe på Salthella. Tomteutnytting er BYA 50% som gir bygg med grunnflate inntil 2000 og 1700 m². Byggehøgda er sett for å redusere konsekvensen for bakanforliggjande bustader, og opnar opp for bygg i to etasjar (6 m høgde).

Felt N3 – N5 er næringsbygg for småindustri, kontor, handverk- og lagerverksemd. Målet er at området skal gi plass for verksemdar utan trong for å etablere eigen kai, men med tilknytning til fiskerihamna.

Før områda vert tekne i bruk som næringsareal skal det takast ut stein til bygging av molo og industriområde. Som skildra i kapittel 7.1, har arealet vest for Salthella berggrunn som er ideell for uttak av stein til bygging av molo. Fullt utbygt kan ein ta ut ca 550 000 m³ i området. Området er ikkje bonitert og eksakt volum vil avhenge av lausmassedjupner. Ein reknar med at mesteparten av steinen kan nyttast til bygging av molo og til å etablere nye næringsområde i hamna.

Arealet er eksponert sett frå sjøen og det er lagt stor vekt på at steinuttaket skal formast på ein mest mogleg skånsam måte. Nivåa på nytt terreng er sett med tanke på tilpassing til tilstøytande terreng, at næringsområda skal ha tilknytning til vegen gjennom området og at området skal gje tilstrekkelig stein til bygging av fiskerihamna. Avgrensing av arealet mot vest følgjer ein markert nivåforskjell i terrenget. Mot aust er det lagt vekt på å sikre naturleg terreng som skjerm mot bustadene. Dette var ikkje mogleg å få til mot hytta på gnr 13 bnr 13, og denne inngår derfor i næringsområde N2. Vegetasjonsskjermer mellom nivåa er lagt inn for å dempe fjernverkanden av anlegget og for å skape visuelle skilje i det ferdige næringsområdet. Tomteutnytting er BYA 50% som gir bygg med samla grunnflate inntil 13 800 m². Byggehøgda opnar opp for bygg i 3 etasjar (9 m høgde).




3D modell av N3-N5 med ny tilkomstveg sett frå sjøsida.

8.2.3 **Industri**

Industriområda skal nyttast til industri- og lagerverksemd knytt til fiskerihamna. Inndeling i tomter og omfang av fyllingar og nye kaiar vil verte fastsett avhengig av behovet til dei verksemdene som vil etablere seg i området..

Planen definerer ikkje kva verksemd som skal inn på dei ulike areala. Føresegnene gir nokre rammer utifrå tryggleik og omsyn til naboar. Føresegnene stiller krav til støygrenser ved etablering av nye verksemdar og til utarbeiding av støyberekningar i samband med rammesøknad.

Områda IND1- IND6 har tilkomst via ny veg til Salthella. Alle areala får gode hamnetilhøve innanfor moloen med høve til å bygge kai. For område IND4a er det også mogleg å etablere ein kai på utsida av moloen, men denne vil ikkje ha like stabile tilhøve. Hordafor er planlagt vidareført og med moglegheit for utviding i område IND5. I område IND6 er det lagt til grunn at dagens bruk til not- og trålservice skal vidareutviklast, eventuelt med utviding også i felt IND4. Det er opna opp for at KV 2 gjennom område IND4 kan leggst om slik at ein får større samanhengande areal på eine sida av vegen. Område IND3 Bleikja skal nyttas til bunkringanlegg for fiskerihamna. Dersom det vert etablert mekanisk verkstad med flytedokk i hamna, skal denne lokalisert til område IND2 Austre Vadholmen. Tomteutnytting er BYA 50-75% som gir bygg med samla grunnflate inntil 46 000 m². Industriområde på holmane (IND1 – IND3) ligg midt i eit stort landskapsrom og vil vere eksponerte både frå land og frå sjøsida. Det er derfor stil krav til fargebruk og materialval på bygningar i desse områda.




3D modellen viser tilkomstveg og kai på Steinevikneset. Endeleg avgrensing av industriområdet / terrenginngrep i neset vil skje i detaljplan. Til høgre Hordafor (IND5) og mogleg utviding av industriområde ved Mørenot (IND6).


Område IND7 på Steinevikneset vil krevje ein eigen tilkomstveg frå Fv 151 på Tøkje. Steinevikneset er eit areal med store høgdeforskjellar. Det høgaste punktet ligg oppunder kote +50. For å få ei god utnytting av området må ein vurder utforminga ut i frå framtidig bruk. Det kan vere aktuelt å bygge ut arealet med fleire mindre nivå eller ein kan sjå for seg ein fjellhall. Det er derfor sett krav om detaljregulering før ein kan bygge ut feltet. Hamna utanfor neset har gode tilhøve og er godt egna til kai. Tomteutnytting er BYA 30% som gir bygg med grunnflate inntil 15 000 m².

Område IND8 yttarst i Djupevåg. Utfylling mellom holmane gjev eit stor industriområde med skjerma hamn på sørsida. Nordsida av arealet får ikkje stabile hamnetilhøve. Av omsyn til omgjevnadene er formålsgrensa over den inste holmen lagt slik at høgaste delen av holmen vil danne skjerm mot Djupevåg. Det er lagt inn ein ca 70 m brei buffer med naturområde mot planlagt bustadområde i aust. Byggegrensa er lagt slik at nye industrihallar ikkje skal blokkere siktalinjene ut Djupevåg.

Frå sjøsida har arealet god samanheng med fiskerihamna elles. Frå land vil arealet få tilkomst via eksisterande industriområde på Rabben. Det er lagt inn rekkefølgekrav om opparbeiding av ny veg og utbetring av eksisterande tilkomstveg. Tomteutnytting er BYA 40% som gir bygg med grunnflate inntil 10 000 m².



3D-modell av IND8 i Djupevåg og ytre del av tilkomstvegen forbi næringsområdet på Rabben.



Figur 13- Illustrasjon av naustutbygging og småbåthamn på Salthella

8.2.4 Småbåtanlegg

Landdelen til småbåthamn på Salthella med moglegheit for å lage båtopptrekk. Innanfor området skal det etablerast parkeringsplassar for hamna og for nausta i det tilgrensande feltet UN1.

8.2.5 Uthus/naust

Eksisterande naustmiljø på Salthella og i Steinevik kan vidareutviklast og fortettast. Føresegnene definerer naust som uthus utan rom for varig opphald eller innlagt vatn. I føresegnene er det også stilt krav til storleik og utforming av naust med tilhøyrande kai. Føresegnene er i hovudsak ei vidareføring av føresegnene i gjeldande plan.

UN1 – UN4: Det er i dag 8 naust på Salthella og fleire nausttomter /båtfesterettar. Planen opnar opp for bygging av totalt 25 naust i området. Salthella vest har ei god hamn og er i dag i aktiv bruk som småbåtområde. Planen sikrar høve til å vidareutvikle denne bruken.

UN1 og UN2 er regulert i gjeldande plan. UN3 ligg inne i framlegg til kommuneplan. UN4 er bygd ut med 3 naust i tillegg til ubygde nausttomter.

UN5: Det er i dag to naust på sørvestsida av Steinevik. Utvidinga av naustformålet er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Også tilkomstvegen, KV6, er ei vidareføring av gjeldande plan.

8.2.6 **Kombinert formål industri/kai – AB1**

Dagens allmenningsskai på holmen kan oppretthaldas. Når det er etablert ny offentlig kai i området (KAI1) kan kaien inngå som ein del av tilstøytande industriområde.

8.2.7 **Kombinert formål turistformål/næring - AB2**

I Steinevik legg planen til rette for at dagens turist- og industriverksemd kan vidareutviklast. Det er lagt til rette for ei moderat utbygging som vidarefører skala og struktur i det eksisterande.

8.2.8 **Kombinert formål næring/massetak - AB3**

Det vil vere behov for stein til framtidige reperasjonar av moloen. I planen er det lagt inn eit areal som gjer det mogleg å ta ut denne steinen innanfor planområdet. Inntil ein treng steinen vil området liggje som ein naturleg skjerm mellom næringsområda. Etter at stein er teke ut skal arealet nyttast til næring.

8.3 **TRAFIKKFORMÅL**

8.3.1 **Trafikk**

Det er nytta Statens vegvesen sin handbok 146 for utrekning av ny trafikk i området. For denne type verksemdar reknar ein med at det blir generert 3,5 turar (med variasjonsområde 2 – 6 bilturar) pr. 100 m² BRA. I utrekning av trafikkmengder er det lagt til grunn industribygningar med ein etasje då mesteparten av bygningane vil vere hallar med stor takhøgde. Tal på bilturar er lagt i nedre del av variasjonsområde. Grunngevinga for dette er at store delar av transporten vil skje til sjøs.

Salthella

På Salthella er det lagt til rette for totalt 13 000 m² næring og ca. 46 000 m² med industri. Dette genererer ca. 1200 køyretøy pr. døgn til KV1.

Steinevikneset

På Steinevikneset er det lagt til rette for totalt ca. 15 000 m² med industri. Dette genererer ca. 300 køyretøy pr. døgn.

Djupevåg

Ved Djupevåg er det lagt til rette for totalt ca. 10 000 m² med industri. Dette genererer ca. 100 nye køyretøy pr. døgn. I tillegg kjem trafikken til Rabben.

Totalt trafikkauke på Fv 151:

I dag: ca. 1 000 køyretøy pr. døgn

Ved full utbygging av næringsområda: ca. 2 600 køyretøy pr. døgn

8.3.2 **Køyreveg**

Det er tre tilkomstvegar frå Fv 151 til dei nye industriområda i hamna. Alle er planlagt som A2 *Atkomstveg til industriområda, fartsgrense 50 km/t* etter vegvesenet si handbok 017. Alle kryss med fylkesvegen er planlagt for store køyretøy, men utan trafikkøyer.



Tverrprofil A2, industriveg (frå Statens vegvesen Handbok 017)

KV1 er ein 670 m lang ny industriveg som koplast på fylkesvegen ca 300 m vest for dagens kryss til Salthella. Den nye vegen fråvik handboka sitt krav til stigning. Maksimal stigning i handboka er 6 %, mens planlagt veg har 7 %. Vegen vert bygt i samband med uttak av stein til moloen. Etter at anleggsperioden er over vil vegen bli teken over og oppgradert av Austevoll kommunen som offentleg tilkomst til hamna. Dagens veg vil då fungere som tilkomstveg til bustadene. På Salthella er vegen trekt vestover som i gjeldande reguleringsplan.

KV8 er ein ny 300 meter lang tilkomstveg til industriområde IND7 på Steinevikneset med kryss like vest for bustadene på Tøkje. Den nye vegen følgjer krava i handboka.

KV9 er tilkomstveg til IND8 ved Djupevåg og er totalt 1060 meter lang. KV9 følgjer eksisterande veg fram til industriområde på Rabben. Frå Rabben er det planlagt ny veg på dei siste 460 metrane. Fram til Rabben er linjeføring og stigning tilpassa eksisterande veg. Av omsyn til eksisterande situasjon er breidda sett til 5,5m (tilsvarande regulert breidde i plan for Rabben). Maksimal stigning på den første delen er 9 %. Den nye delen av vegen følgjer krava i handboka.

8.3.3 Gangveg

Ved bygging av ny veg KV1 vil dagens sti til nausta i UN4 verte broten. Ny gangveg skal gi tilkomst til nausta. Gangvegen skal opparbeidast slik at ein kan legge til med småbåtar mellom nausta.

8.3.4 Hamn og kai


Planen regulerer tre nye moloar på Salthella. (Moloane ligg også inne i gjeldande reguleringsplan, men trasé og storleik er justert). Moloane er bygd opp med ei molokrune i 5,2 / 7,3 m høgde. Moloen skråar med helling 1 : 1,3. På toppen av moloen er det køyreveg med tilkomst ned til industriområda. Denne er skjerma mot sjøen med brystvern (h=1,2)

- H1 er 385 m lang og går mellom Inste Bleikja på Salthella og Vestre Vadholmen. Høgde 5,2 m. Det er lagt inn offentleg kai på innsida av moloen.
- H2 er 200 m lang og går mellom Vestre og Austre Vadholmen. Høgde 7,3 m
- H3 er 380 m lang og går mellom Austre Vadholmen og Bleikja. Høgde 7,3m.

Totalt massebehov for dei tre moloane inklusive brystning er ca 563 000 m³. Ved bygging av anlegget vil ein få ut masse frå utsprenjing i hamnebassenget (41 000 m³) og sprenging for hamn og industri på holmane (69 000 m³). Med utvidingsfaktor på 1,4 svarer dette 154 000 m³ fyllmasse. Netto må det tilførast ca 409 000 m³.




3d modell av hamna sett frå nordvest.



Prinsippsnitt gjennom molo H2 og H3 til venstre og H1 til høyre. 5m køyreveg på topp molokrone med brystning på utsida og vegrekkverk på innsida.

8.4 GRØNTSTRUKTUR

Vegetasjonsbelta mellom næringsområda N3-N5 er lagt inn for å dempe fjernverknaden av terrenngrepa og skape visuelle skilje i området. Etter uttak av stein skal jordmassar frå depot tilførast og ein skal plante til med stadeigen vegetasjon. Føresegnene stiller krav til at ein skal ta vare på eksisterande jord. Denne kan nyttast i vegetasjonsbelta. Om ein tek vare på det øvre jordsjiktet vil ein ha ein god frøbank og vegetasjonsbelta vil vekse til med stadeigen vegetasjon som ikkje krev skjøtsel. Vegetasjonsbelta vil i tillegg fungere som fordrøyningsmagasin for overvatn frå dei nye næringsområda.



Snitt AA viser terrassering i steinuttaket.

8.5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

8.5.1 Landbruksformål

Eksisterande landbruksareal med Steinevik gjestegard er vist som landbruksområde. Det sentrale området rundt tunet er vist som landbruksområde med spredde næringsbygg for å ivareta dagens verksemd, med høve til utviding av drifta.

8.5.2 Naturformål

Ytre del av holmane er naturområde. Dette bidreg til å dempe omfanget av moloanlegget sett frå sjøen og redusere innverknaden på sjøfugllivet på holmane.
Innanfor IND8 i Djupevåg er vist eit belte med naturformål som skjerm mellom industri og bustader.

8.6 SJØAREALA

8.6.1 Hamneområde i sjø




3D modell av fiskerihamna sett frå aust.

HA1 er hamneområde på ut-/vestsida av moloen. Det kan etablerast kai for vask av fartøy i området.

HA2 er hamneområde innanfor moloen. Moloane gir ei stor og skjerma hamn med romslege manøvreringsareal og gode innseglingstilhøve. Djupnene innanfor moloen varierer frå kote -50 til synlege skjer. For å skape ei sikker hamn med nok djupne og gode manøvreringsareal må nokre mindre parti sentralt i hamna utdjupast. Utrekningar viser at ein kan ta ut ca 40 000 m³ ved utdjuping av hamna. Desse massane kan nyttast til molo og nye industriområde. Avhengig av kva verksemdar som kjem i industriområda og kor mykje kai dei etablerer, kan det også vert naudsynt å utdjupe områda langs land.

Planen opnar også for flytedokk i nordre del av hamnebassenget.



Figur 14 – Sjødjupner. Raud farge er område grunnare enn -10,0 sjøkartnull. Undervasshøgder som skal sprengjast vekk er ringa inn med svart. (Forprosjekt Austevoll fiskerihamn. Myklebust AS.)

8.6.2 Småbåthamn

SH1 er regulert som småbåthamn i gjeldande plan og arealbruken vert vidareført. Det kan leggst ut ein bølgedempar som skjerm for ei flytebrygge med utliggarar.
SH2 opprettheld dagens bruk og reguleringsstatus som småbåthamn.

8.6.3 Kaste- og låssetjingsplass

Føremålet er kaste- og låssetjingsplass for fiske. Tiltak som kan hindre fisket skal ikkje tillast i dette området.

8.7 OMSYNSSONE- FARE

8.7.1 Brann- og eksplosjonsfare

Planen opnar for å etablere bunkringsanlegg for fiskerihamna i industriområde IND3 på Bleikja. Det er lagt inn sone for brann- og eksplosjonsfare på dette området. Sona er sett 20 m utfor formålsgrensa basert på sikkerhetsone for C-væsker i «Veiledning om oppbevaring av brannfarlig væske i stasjonære lagertanker» DSB 1994.

8.7.2 Høgspenst

Det er lagt inn faresone langs høgspentlinja ned til Salthella. Sona er 9 m på kvar side av linja, totalt 18m. I faresona kan det ikkje byggast bygningar for varig opphald eller leggst til rette for bruk til friluftsliv.

9 Vurdering av konsekvensar

9.1 STØY

Miljøverndepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1422:2012, stiller krav til grenseverdiar for støy frå ulike støykjelder. Det bør utarbeidast støysonekart til reguleringsplanar.


I retningslinjene er støynivået inndelt i to støysoner:

- Raud sone: Viser eit område som ikkje er egna til støyfølsame formål og det ikkje skal leggst til rett for etablering av ny støyfølsame bruk.
- Gul sone: Vurderingssone kor støyfølsame bygningar kan oppførast dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støytilhøve.


Utdrag frå retningslinjene sine tilrådde støygrenser:

Støykilde	Støynivå på ute-oppholdsareal og utenfor vinduer til rom med støyfølsom bruksformål	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, dag og kveld, kl 7 - 23	Støynivå på ute-oppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, lørdager	Støynivå på ute-oppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, søn-/helligdag
Vei	L_{den} 55 dB	L_{5AF} 70 dB	-		
Industri med helkontinuerlig drift	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB			
Øvrig industri,	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB og $L_{evening}$ 50 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB og $L_{evening}$ 45 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB	-	Uten impulslyd: L_{den} 50 dB Med impulslyd: L_{den} 45 dB	Uten impulslyd: L_{den} 45 dB Med impulslyd: L_{den} 40 dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB, L_{AFmax} 60 dB			

Figur 15 - Støynivå dagtid. Gul sone > 55 dB.



Figur 16 - Støynivå nattestid. Gul sone > 45 dB.



Støy frå hamna og industriområda

I plan for fiskerihamna er det ikkje kjend kva type verksemd som vil komme i dei ulike næringsområda. Generelt vil områda med størst avstand til bustader/fritidsbustader vere best eigna til støyande verksemd, det vil seie areala på holmane.

Det er utført støyberekning frå industriareala som vist i Figur 15 og Figur 16.

Sidan det ikkje føreligg detaljert informasjon for dei ulike områda, er det lagt til grunn same aktivitetsnivå og tal på støykjelder for alle næringsområda.

Som grunnlag er det nytta desse støykjeldene:

- Støyspektrum frå ein tårnkran i tillegg til en diesel gaffeltruck som opererer 4 timer på dagtid (kl. 07 – kl. 19), 1 time på kveld (kl. 19 – kl. 23) og 1 time på natt (kl. 23 – kl. 07)
- Fartøy til kai med hjelpemotorar i drift 24 timer i døgnet. Det er lagt inn ein båt pr. kai/industriområde.

Resultatet av støyberekningane viser at ingen bustader har støy på fasade som overstig grensa for gul sone (over L_{den} 55 dB) på dagtid. Ein feriebustad i Steinevik ligg i gul sone. I nattperioden hamnar eit bustadhus på Salthella i tillegg til ein feriebustad i Steinevik i gul sone (over L_{night} 45 dB). Det er naudsynt å sjå på tiltak for å redusere støynivået i nattperioden. Dette kan gjerast ved å redusere/unngå støyande aktivitet i perioden 23-07. Alternativ kan ein skjerme bygga. Detaljerte tiltak må vurderast nærare i samband med ei eventuell utviding av verksemda i IND6 (Mørenot)

I føresegene er det stilt karv om at det skal leggjast fram støyberekningar med støysonekart i samband med etablering av ny verksemd. Ny /utviding av eksisterande verksemd skal ikkje føre til at støynivå på uteopphaldsareal/utanfor vindauga til eksisterande bustader/fritidsbustader overskrider L_{den} 55 dB eller L_{night} 45 dB. For verksemdar med impulslyd med gjennomsnittleg meir enn 10 hendingar pr. time er kravet L_{den} 50 dB. Dersom støyutgreiinga dokumenterer at kostnader ved støyisolering eller andre avbøtande tiltak er uforholdsmessig høge kan kommunen fråvike frå støygrensene.

Støy frå nye vegar i planområdet

Dei to tilkomstvegane vil føre til støy mot nærliggande bygningar og område. Graden av støybelastning er basert på ÅDT, hastighet og avstand til bygningar. Ny veg til Rabben får ein beskjeden trafikkvekst (auke i ÅDT på 100) som følgje av tiltaket, og det er ikkje gjort støyberekning for denne vegen. For støyberekningar av veg KV1 til Salthella er det lagt til grunn ein ÅDT på 1200 køyretøy og ein skilta hastighet på 50 km/t. Vegtrafikken vil gje støynivå over nedre grenseverdi i gul sone ved ei hytte i Salthella. Her er høgaste fasadenivå 60 dB, samtidig som delar av eigedommen vil bli liggande i gul støysone. Eigedomen er i planen vist som næringsområde N2.

9.2 BELYSNING

Utbygging av kaianlegget vil føre til vegbelysning, parkeringsbelysning og belysning på industriområda og bygningar. Ettersom bruken av området aukar vil også trafikk frå båtar og bilar auke. Dette fører igjen til auka belysning. Både bilar og båtar har eiga belysning som det ikkje kan gjerast så mykje med. Anlegget vil vere synleg frå land som eit anna industriområde, men det vil vere større grad av flyttbare lys her, noko som aukar sjansane for at lyset er sjenerande. Høge master som lyser opp store område og lys som står på heile døgeret er typiske ved slike anlegg, og kan vere sterkt sjenerande. Ved å bruke ein god lysplan for området vil derimot dei fleste problema kunne unngåast.

Avbøtande tiltak som hindrar at belysninga verkar sjenerande på omgjevnadene:

- All belysning skal skjermast mot himmelen. Dette for å forhindre lysforureining.
- Belysninga skal ikkje blende bygg eller brukarar. Lysarmaturar skal derfor ha optikk som passer oppgåva og dei skal ikkje belyse eit område/objekt langt frå der dei er monterte.
- Belysning for veg og parkeringsplass skal følgje gjeldande regelverk. Det skal bruke generelt låge master for å minimere uttrykket fra belysningsutstyret og det skal etterstevast at lysarmaturar ikkje blendar naboar og/eller fartøy i innseglinga til hamna eller i skipsleia.
- All belysning skal ha fargeattgjeving på minimum Ra80 som er det same som eit lysrør. Dette vil skape et betre miljø for både brukarar og omgjevnader. For å få eit mest mulig ryddig uttrykk bør ein bruke lyskjelder med lik fargetemperatur. For best mulig utemiljø skal det brukast kaldkvitt lys med fargetemperatur på 4000 kelvin på alle utandørs installasjonar.
- Reklameskilt skal ikkje vere sjenerande eller ha blinkande lys.

9.3 MILJØUNDERSØKINGAR

Multiconsult har undersøkt miljøtilstanden i overflatesediment på sjøbotnen i området kor det er planlagt nye moloar (*Miljøgeologiske undersøkelser, fiskerihavn på Salthella*. Multiconsult rapport nr. 614106-RIGm-RAP-001).

Det vart teke prøvar frå 6 stasjonar og analysert for innhald av tungmetall, PAH16, PCB7, TBT, TOC og finstoff. Analyseresultata viser at miljøtilstanden klassifiserast som god (tilstandsklasse II) eller tilsvarande bakgrunnsverdien (tilstandsklasse I) for dei fleste parametrane. Unntaket er PCB som blei påvist i tilstandsklasse III (moderat) i éin stasjon.


Miljøundersøkingar av sediment der analyseresultata viser bakgrunnsnivå eller god tilstand er rekna som reine, og ansvarleg mynde krev derfor sjeldan at ein set i verk særlege tiltak med tanke på fare for spreininga av forureining i byggefasen. Dette gjeld for alle stasjonar med unntak av prøven som inneheld PCB i tilstandsklasse III. Når det skal mudrast og dumpast masser på sjøbotnen i området, må det søkjas til forureiningsmyndet (Fylkesmannen i Hordaland) om løyve, jf. forureiningsforskrifta kapittel 22.

9.4 TRAFIKK

Tilkomsten til nærings- og industriområda i planen blir vesentleg betre enn i dag. Dette gjeld både i forhold til dei eksisterande verksemdene og i forhold til nyetableringar.

Med betydelege større nærings- og industriområde enn tidlegare, vil biltrafikken auke på fylkesvegen.

Trafikken vil auke frå 1000 køyretøy i døgnet (ÅDT) til 2600 på strekninga frå Bekkjavikkrysset til avkøyringa til Salthella. Auken i trafikk til industriområde IND8 med avkøyring via Rabben er på ÅDT 100. Det vil seie at ein kan forvente ein trafikkauke på ÅDT 1500 mellom Rabben og Salthella. Som tidlegare nemnt er vegen av låg standard, og meir trafikk, spesielt tungtrafikk, vil være negativt i forhold til nærmiljøet langs vegen og til trafikktryggleik. Utbetring av krysset mellom fylkesvegen og veg til Rabben fører til betre sikt og er ein positiv konsekvens av tiltaket.



Figur 17 -Delområde som er nytta i vurdering av omfang og konsekvens i dei følgjande avsnitta. For nokre deltema vil influensområdet gå ut over plangrensa. Dette er teke med i konsekvensvurderinga under dei ulike delområda.

9.5 NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV

Temaet omfatter menneske sine daglege livsmiljø (nærmiljø) og opphald og aktivitet i fritida (friluftsliv). Arealbruken i området er skildra i kap 6.1. Vurderingane av omfang og konsekvens er basert på denne skildringa av området, saman med synfaring i området (utført 9. mai 2012), og tilgjengeleg informasjon om bruken av området.

Vurdering av omfang og konsekvens i dei ulike delområda.

1 Holmane

Nærmiljø - Det er ingen bustader eller fritidshus i området. Støyberekningar viser at ny industriverksemd på holmane ikkje vil føre til bustader blir utsett for støy som overskrider grenseverdiane. Tiltaket får ingen konsekvens for nærmiljø.

Friluftsliv – Området rundt holmane og innfor planlagt molo blir brukt til fritidsfiske, tiltaket vil innverke på dette. Vadholmane og særleg Bleikja er truleg eit attraktivt område å gå i land i for småbåtturistar. Tapet av holmane som friluftsområde vil ha liten negativ konsekvens for friluftsliv ettersom bruksmulighetene og attraktiviteten til området elles vert redusert.

Middels negativt omfang. Liten negativ konsekvens.

2 Salthella

Nærmiljø – To bustadhus og ei hytte er foreslått endra til næringsområde. Husa som ligg nærast industriområda vil verte råka, men graden av verknad for bustadane vil vere avhengig av kva type industri som kjem. Attraktiviteten til bustadområda vert redusert når området vert omgitt av industri og næring. Spesielt 2-3 hus nærast N2 får redusert attraktivitet med nye næringsområde framfor seg. Støyvurderingar viser at fartøy ved kai og lasting/lossing fører til at eit bustadhus ligg i gul sone på nattetid. Bustadene elles vert ikkje utsett for støy utover grenseverdiane. Ny veg til industriområdet gir betre tilhøve for bustadene langs eksisterande veg.

Naust /Friluftsliv – området har fleire naust og det er foreslått ei utviding av småbåthamn/naustområdet. Det gir fleire moglegheit til å komme på sjøen. Området sin attraktivitet for opphald ute i samband med naust og hamn blir redusert på grunn av auka industriaktivitet.

Middels negativt omfang. Liten-middels negativ konsekvens



Bustadområdet på Salthella

3 Heia

Nærmiljø – ingen bygningar innanfor området, men ein bustad på Salthella og ein på andre sida av Fv 151 kan få innsyn til området. Avstanden gjer at det er mogleg for å sikre skjermvegetasjon slik at næringsområdet ikkje treng å få stor visuell påverknad. Det vil ikkje kome støyande verksemdar i området. Dei næraste bustadene vil vere utsett for støy i anleggsperioden når stein skal takast ut. Anleggstøy vert styrt av eige regelverk og er ikkje vurdert vidare i reguleringsplanen.

Friluftsliv – ved synfaring vart det ikkje funne turstiar i dette området, og området er truleg lite brukt til rekreasjon.

Lite negativt omfang. Liten negativ konsekvens.

4 Steinevik

Nærmiljø – Utleige av ferieileigheiter og naust. Området vil frå redusert attraktivitet som generelt feriereisemål når industrien kjem tettare innpå.

Friluftsliv – aktiviteten her er knytt til sjøen, opplevinga av sjøområdet vert påverka lokalt.

Middels negativt omfang. Middels-liten negativ konsekvens.

5 Steinevikneset

Området har ingen bygningar og det er ikkje kjend bruk av området til friluftsliv. Avhengig av korleis området vert utforma gjennom detaljregulering vil industrien få visuell påverknad i tillegg til mogleg støybelastning på bustader på Tøkje og øvst i Steinevik. Nærleiken til industriområdet fører til at attraktiviteten til den regulerte småbåthamna på Tøkje vil verte redusert.

Lite negativt omfang. Ubetydeleg – liten negativ konsekvens.

6 Djupevåg

Industriområdet IND8 influerer på nærmiljøet i Djupevåg og på Tøkje. Attraktiviteten til bustadene på Tøkje og delar av Djupevåg vert redusert fordi industriområdet blir visuelt framtrедande. Dei regulerte hyttene på Tøkje vil få redusert attraktivitet med industriområde som næraste nabo. Utvidinga av Rabbenfeltet som ligg inne i kommuneplanen vert i liten grad råka. Støykartet viser at naboane ikkje vert utsett for støy utover grenseverdiane.

Middels negativ omfang. Middels negativ konsekvens.

7 Rabben

Utviding av vegen vil føre til inngrep i/arealbeslag for nokre bustadeigedomar langs vegen. Trafikkauken på vegen er så liten att den ikkje fører til at endra støybilette for bustadene – vegen får soleis ubetydeleg konsekvens i høve støy.

Lite negativt omfang. Ubetydeleg- liten negativ konsekvens.

9.6 METODE – KONSEKVENSAER ETTER HANDBOK 140

Vurderinga av konsekvensar av planframlegget er gjort med utgangspunkt i metodikken i Statens vegvesen si handbok 140, Konsekvensanalyser. Metodikken består av tre sentrale omgrep; *verdi*, *omfang* og *konsekvens*.

Delar av tiltaket er regulert i gjeldande planar, men er ikkje tidlegare konsekvensutgreia. I det følgjande er konsekvensar derfor vurdert basert på dagens situasjon, men og i det oppsummerande kapitlet også vurdert i høve endring av gjeldande planar.

9.6.1 Verdi

I kap. 6 i denne planskilddinga er dagens situasjon skildra. Her er det for kvart utgreiingstema samla inn kunnskap om området basert på informasjon i databasar, flyfoto og andre kjelder, og alle fagutgreiarane var på synfaring 9.mai 2012. Vidare er det gjort ei verddivurdering av områda. Her er skalaen og kriteria i handbok 140 nytta. Basert på mellom anna denne verddivurderinga er alternativ for steinuttak, næringsområde og tilkomstvegar vurdert, og planområdet er avgrensa til å omfatte dei aktuelle områda, sjå kapittel 7.

9.6.2 Omfang

Med omfang er det meint ei vurdering av kva endringar planen vil føre til for området, og graden av denne endringa. Planområdet er delt inn i sju delområde, omfanget er vurdert for kvart deltema per delområde.

Omfanget vert fastsett utifrå kriteria for kvart deltema, og vert vurdert i høve til dagens situasjon. Planområdet er for ein stor del tidlegare regulert i ulike reguleringsplanar, men dei områda som ikkje er utbygd vert vurdert ut frå slik dei framstår i dag, og ikkje kva dei er regulerte til.

9.6.3 Konsekvens

Basert på verdisetting og omfangsvurdering er konsekvensane av planframlegget for kvart deltema fastsett. Her er konsekvensvifta nytta, sjå Figur 18.

Metodikken for kvart utgreiingstema kjem nærare fram under kvart delkapittel.

Verdi Omfang	Verdi		
	Liten	Middels	Stor
Stort positivt			Meget stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt			Stor positiv konsekvens (+++)
Lite positivt			Middels positiv konsekvens (++)
Intet omfang			Lite positiv konsekvens (+)
Lite negativt			Ubetydelig (0)
Middels negativt			Lite negativ konsekvens (-)
Stort negativt			Middels negativ konsekvens (- -)
			Stor negativ konsekvens (- - -)
			Meget stor negativ konsekvens (- - - -)

Figur 18. Konsekvensvifta, Statens vegvesen handbok 140.

9.7 LANDSKAPSBILETE

Dei to hamneområda Salthella og Rabben er etablerte innslag i landskapsbiletet på denne delen av Selbjørn, som to separate strukturar utan korkje fysisk eller visuell samanheng. Nye tiltak må sjåast i samanheng med eksisterande anlegg, og det bør vere eit mål å konsentrere denne typen arealbruk til område som allereie er influerte. For landskapsbiletet er utstrekninga på det visuelle influensområdet viktig når omfanget av eit tiltak skal vurderast. I planområdet utgjer det opne fjordrommet eitt visuelt samanhengande område. Med standpunkt inne på land, eller inne i ein av vågane, bryt terrengformer sikta, og deler landskapet i mindre, skjerma visuelle einingar.


9.7.1 Omfang

Kriteria for vurdering av omfang av eit tiltak i høve til landskapsbiletet går fram av tabellen under:

	Stort positivt omfang	Middels positivt omfang	Lite/intet omfang	Middels negativt omfang	Stort negativt omfang
Tiltakets lokalisering og linjeføring	Neppe aktuell kategori	Tiltaket vil stedvis framheve landskapets/stedets form og elementer, og tilføre landskapet nye kvaliteter	Tiltaket vil stort sett vere tilpasset/forankret til landskapets/stedets form og elementer	Tiltaket vil stedvis vere dårlig tilpasset eller forankret til landskapets/stedets form og elementer	Tiltaket vil være dårlig tilpasset eller forankret til landskapets/stedets form og elementer
Tiltakets dimensjon/skala	Tiltaket vil erstatte eller endre eksisterende veger eller anlegg slik at tiltaket vil stå i et harmonisk forhold til landskapets/omgivelsenes skala	Tiltaket vil erstatte/endre eksisterende veger eller anlegg slik at tiltaket vil stå i et noe mer harmonisk forhold til landskapets/omgivelsenes skala	Tiltakets dimensjon vil stort sett stå i et harmonisk forhold til landskapets/omgivelsenes skala	Tiltakets dimensjon vil stå i et lite harmonisk forhold til landskapets/omgivelsenes skala	Tiltakets dimensjon vil sprengje landskapets/omgivelsenes skala
Tiltakets utforming	Tiltakets utforming vil framheve omgivelsenes kvaliteter/særpreg	Tiltakets utforming vil styrke omgivelsenes kvaliteter/særpreg	Tiltakets utforming vil stort sett vere tilpasset omgivelsene	Tiltakets utforming vil stedvis vere dårlig tilpasset omgivelsene	Tiltakets utforming vil være dårlig tilpasset omgivelsene

For kvart delområde er omfang og konsekvens vurdert for dei planlagde tiltaka (planframlegget). Vurderinga av omfang går fram av tabellen under:


Område namn	Omfang	Vurdering
1 Holmane	Stort negativt	Det som i dag er enkeltstående holmar med småskala topografi, blir i planframlegget innlemma i éi landskapsform, som med si linjeføring, materialbruk og storleik, harmonerer dårleg med skalaen i landskapet. Moloen skaper barrierar i fjordlandskapet, og den er dårleg forankra i landskapet si hovudform. Moloen vil stå tydeleg fram som eit framand innslag i dette landskapet, forsterka av bygningsmasse som med moloen blir trekt ut frå strandsona, og inn i det opne fjordrommet. Tiltaket ligg svært eksponert, sett både frå land og frå sjøen.
2 Salthella	Litt negativt	Planframlegget inneber ei utviding av allereie etablert aktivitet på Salthella. Utfyllinga i fjorden vil bli større, men tiltaket knyter seg til allereie etablerte strukturar, og er såleis stort sett forankra til området si form og element. Planframlegget legg på vestsida av moloen til rette for at eksisterande naustmiljø vert ivareteke, og knyter seg dermed til landskapet sin skala. Samstundes vil ny veg til Salthellamoloen krevje ei større terrengendring i overgangen mellom land og hamneareal, som vil stå i dårlegare forhold til landskapet sin skala.
3 Heia	Stort negativt	Eit terrenginngrep som transformerer ei fjellside til eit terrassert industriområde, er ikkje planlagd ut frå landskapet sine premisser. Tiltaket sprengjer landskapet sin skala, og er dårleg tilpassa omgjevnadane. Utforminga av steinbrotet er likevel gjort med fokus på å forankre det nye landskapet til det omkringliggjande terrenget.
4 Steinevik	Intet - Litt negativt	Planen legg til rette for moderat vidare utbygging i same skala om eksisterande bygningsmasse. Tiltaket inne i Steinevik vil såleis stort sett vere tilpassa omgjevnadane. Tiltaket på Salthella vil likevel påverke opplevinga av Steinevik, ved at innlauget til bukta vert snevra inn, og i større grad nedbygd med hamneføremål.
5 Steinevikneset	Stort negativt	Det vert for dette føremålet i planen sett krav til detaljregulering av tiltak. Omfangsvurderinga er her gjort ut frå ei maksimal utnytting. Planen legg til rette for industriutbygging på eit terreng som er kuppert og bratt, og som følgjeleg må gjennom store endringar for å møte krav til infrastruktur og tomter for denne type føremål.
6 Djupevåg	Midd. - stort negativt	Planlagd molo har ein skala og ei utforming som harmonerer dårleg med sjøbruksmiljøet inne i vågen. Den stenger det eine fjordlauget inn til Djupevågen, og fjernar heilt dei ytre holmane. Sikt frå Djupevåg og til sjøen blir broten, og opprinnelege landskapsformer blir viska ut. Sjølv om bygningsmiljøet innerst i vågen ikkje blir direkte råka av tiltaket, blir opplevingsverdien av Djupevågen som landskapsrom redusert.
7 Rabben	Middels negativt	Vegen rundt Rabben føreset høge fjellskjeringar som blir eksponerte mot fjorden. Tiltaket vil altså stadvis vere dårleg forankra til landskapsforma. Utviding av eksisterande veg fører til endring av sideterrenget og vegen blir meir framtrèdande i landskapet



Illustrasjonen viser omfanget på moloen i det opne fjordlandskapet.

9.7.2 Konsekvens

Nr.	Område namn	Verdi	Omfang	Konsekvens
1	Holmane	Middels - stor	Stort negativt	Stor negativ
2	Salthella	Middels - liten	Litt negativt	Ubetydeleg – liten neg.
3	Heia	Middels	Stort negativt	Middels – stor negativ
4	Steinevik	Middels – stor	Intet – litt negativt	Ubetydeleg – liten neg.
5	Steinevikneset	Middels	Stort negativt	Middels – stor negativ
6	Djupevåg	Middels – stor	Middels - stort negativt	Stor negativ
7	Rabben	Middels – liten	Middels negativt	Liten – middels neg.



3Dmodell av tilførselsveg til IND8 via Rabben. Sett frå nordaust.

9.8 NATURRESSUR SAR

Kriteria for vurdering av omfang for naturressursar går fram av tabellen under.

	Stort positivt omfang	Middels positivt omfang	Lite/intet omfang	Middels negativt omfang	Stort negativt omfang
Ressursgrunnlaget og utnyttelsen av det	Tiltaket vil i stor grad øke ressursgrunnlagets omfang og/eller kvalitet (Neppe aktuelt)	Tiltaket vil øke ressursgrunnlagets omfang og/eller kvalitet	Tiltaket vil stort sett ikke endre ressursgrunnlagets omfang og/eller kvalitet	Tiltaket vil redusere ressursgrunnlagets omfang og/eller kvalitet	Tiltaket vil i stor grad redusere eller ødelegge ressursgrunnlagets omfang og/eller kvalitet

Figur 19. Kriteria for å vurdere omfang for naturressursar (Statens vegvesen, handbok 140)

For kvart delområde er omfang og konsekvens vurdert for dei planlagde tiltaka (planframlegget).
Vurderingane går fram av tabellen under.

Område nr	Område namn	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
1	Holmane	Liten-middels	Lite	Ubetydeleg	Skjelsandførekomsten i området må takast ut ved bygging av moloen og kan nyttast som ein ressurs.
2	Salthella	Liten	Lite	Ubetydeleg	Kaste- og låssettingsplassen ved Salthella vert oppretthalden i planen.
3	Heia	Ingen verdisetting	Ingenting	Ubetydeleg	
4	Steinevik	Liten-middels	Lite	Ubetydeleg	Det er berre eit mindre område med dyrka mark som vert omdisponert til næring/fritid/turistføremål. Elles vert jordbruksarealet oppretthalde som landbruksføremål med spreidde næringsbygg med tanke på utvikling av gardsturisme. Nye bygg skal liggje i tilknytning til eksisterande bygningar slik at tap av innmark vert minimalt.
5	Steinevikneset	Liten	Stort negativt	Liten negativ	Skogen og jordbruksarealet vil verte omdisponert til industri.
6	Djupevåg	Liten-middels	Ingenting	Ubetydeleg	Området med jordbruksareal vert ikkje endra.
7	Rabben (veg)	Liten-middels	Ingenting	Ubetydeleg	Området med jordbruksareal vert ikkje endra.

9.9 NATURMILJØ

Kriteria for vurdering av omfang for naturmiljø går fram av tabellen under.

	Stort positivt omfang	Middels positivt omfang	Lite/intet omfang	Middels negativt omfang	Stort negativt omfang
Viktige sammenhenger mellom natur-områder	Tiltaket vil i stor grad styrke viktige biologiske eller landskapsøkologiske sammenhenger.	Tiltaket vil styrke viktige biologiske eller landskapsøkologiske sammenhenger.	Tiltaket vil stort sett ikke endre viktige biologiske eller landskapsøkologiske sammenhenger.	Tiltaket vil svekke viktige biologiske eller landskapsøkologiske sammenhenger.	Tiltaket vil bryte viktige biologiske eller landskapsøkologiske sammenhenger.
Arter (dyr og planter)	Tiltaket vil i stor grad øke artsmangfoldet eller forekomst av arter eller bedre deres vekst- og levevilkår	Tiltaket vil øke artsmangfoldet eller forekomst av arter eller bedre deres vekst- og levevilkår	Tiltaket vil stort sett ikke endre artsmangfoldet eller forekomst av arter eller deres vekst- og levevilkår	Tiltaket vil i noen grad redusere artsmangfoldet eller forekomst av arter eller forringe deres vekst- og levevilkår	Tiltaket vil i stor grad redusere artsmangfoldet eller fjerne forekomst av arter eller ødelegge deres vekst- og levevilkår

For hvert delområde er omfang og konsekvens vurdert for dei planlagde tiltaka (planframlegget). Vurderingane går fram av tabellen under.

Område nr	Område namn	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
1	Holmane	Middels-stor	Middels-stort negativt	Stor negativ	Både tareskogen og skjelsandområdet vil forsvinne, området vert utbygd og mindre attraktivt for sjøfugl.
2	Salthella	Middels-stor	Middels-stort negativt	Stor negativ	Både tareskogen og skjelsandområdet vil forsvinne, området vert utbygd og mindre attraktivt for sjøfugl.
3	Heia	Ingen verdisetting	Ingenting	Ubetydeleg	
4	Steinevik	Ingen verdisetting	Ingenting	Ubetydeleg	
5	Steinevikneset	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Bekk går gjennom utkanten av området ved foreslått veg. Avbøtande tiltak er å ivareta bekken ved utbygging.
6	Djupevåg	Liten-middels	Ingenting	Ubetydeleg	Bygging av molo og fylling mellom holme og nordsida av vågen vil mest sannsynleg ikkje endre vesentleg på tilhøva inne i vågen, då det meste av vågen framleis vil vere open.
7	Rabben (veg)	Ingen verdisetting	Ingenting	Ubetydeleg	

9.9.1 Naturmangfaldlova § 9-12

Føre-var prinsippet § 9

Føre-var prinsippet må leggast vekt på om det er usikkerheit kring verdiane i området eller korleis desse vert råka av tiltaket. Naturverdiane som vert råka er tareskog (NT) og skjelsandområde, det er også observert mykje sjøfugl i området. Tareskogen og skjelsandområdet er avgrensa og verdivurdert gjennom tidlegare registreringar, sjå naturbase.no. Det er usikkert om tareskogen i området vert reetablert etter at moloen er bygd, den vil truleg i alle høve verte redusert. Føre-var prinsippet tilseier at det må leggast til grunn at tareskogen vil forsvinne. Området vil verte mindre attraktivt for sjøfugl på grunn av tap av hekkeplassar og uroing frå industriverksemda. Skjelsandområdet vil også forsvinne, dette saman med at tareskogen kan verte borte tilseier at området vert mindre attraktivt for fisk og andre marine organismar i dette habitatet.

Økosystemtilnærming og samla belastning § 10

Trugsmålet mot stortareskogen i denne regionen er i første rekke taretråling. Tråling av tare er regulert gjennom forskrift om hausting av tare, i Hordaland fylke forvalta av Fiskeridirektoratet. Det er mange tareskogområde i Austevoll og langs heile kysten av Hordaland, sjå figuren. Dei grøne områda er naturtypen tareskog henta frå naturbase.no. Vi ser at om tareskogområdet i planområdet forsvinn, er dette berre ein liten del av det totale arealet med tareskog i Austevoll.



Det vert lagt til grunn at området vil verte mindre attraktivt for fisk og sjøfugl, men området er ikkje mellom dei viktigaste områda i Austevoll. Det er fleire sjøfuglreservat andre stadar i kommunen.

Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar § 11

Det er ikkje komme fram behov for avbøtande tiltak som gjeld naturmangfaldet i planområdet. Tiltakshavar har lagt fram utgreiing av konsekvensane av planframlegget på naturmangfaldet gjennom denne planskildringa.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar § 12

Dette punktet må sjåast i samanheng med plan- og bygningslova sine krav om vurdering av alternativ til mellom anna lokalisering. Alternative løysingar internt i planområdet er vurdert, sjå kap 7. Det er ikkje funne alternativ til plassering av molo som reduserer dei negative konsekvensane for naturmangfaldet. Samfunnsinteressene knytt til den regionale fiskerihamna er her vurdert til å vege tungt opp mot naturverdiane i området.

9.10 KULTURMILJØ

9.10.1 Omfang

Ved vurdering av omfang skal det gjerast greie for korleis konkrete tiltak vil verke på kulturminne eller kulturmiljø. Vurderinga må vere basert på god kunnskap om tiltaket, og det må gjerast ei relevant vurdering av kva kriterium som er aktuelle i dei einskilde tilfella. Det må gjerast greie for på kva måte og i kor stor grad tiltaket vil påverke dei einskilde kulturmiljøa. Dei direkte verknadane er enkle å vurdere, mens dei meir indirekte kan vere kompliserte.

	Stort positivt omfang	Middels positivt omfang	Lite/intet omfang	Middels negativt omfang	Stort negativt omfang
Kulturminner og -miljøers¹ endring og lesbarhet	Tiltaket vil i stor grad bedre forholdene for kulturminner/ miljøer Tiltaket vil i stor grad øke den historiske lesbarheten	Tiltaket vil bedre forholdene for kulturminner/ miljøer Tiltaket vil bedre den historiske lesbarheten	Tiltaket vil stort sett ikke endre kulturminner/ miljøer Tiltaket vil stort sett ikke endre den historiske lesbarheten	Tiltaket vil medføre at kulturminner/ miljøer blir skadet Tiltaket vil redusere den historiske lesbarheten	Tiltaket vil ødelegge kulturminner/ miljøer Tiltaket vil ødelegge den historiske lesbarheten
Historisk sammenheng og struktur	Tiltaket vil i stor grad styrke den historiske sammenhengen mellom kulturmiljøer og deres omgivelser Tiltaket vil i stor grad forsterke historiske strukturer	Tiltaket vil styrke den historiske sammenhengen mellom kulturmiljøer og deres omgivelser Tiltaket vil forsterke historiske strukturer	Tiltaket vil stort sett ikke endre den historiske sammenhengen mellom kulturmiljøer og deres omgivelser Tiltaket vil stort sett ikke endre historiske strukturer	Tiltaket vil svekke den historiske sammenhengen mellom kulturmiljøer og deres omgivelser Tiltaket vil redusere historiske strukturer	Tiltaket vil bryte den historiske sammenhengen mellom kulturmiljøer og deres omgivelser Tiltaket vil ødelegge historiske strukturer

Kriteria for vurdering av omfang for kulturmiljø (Statens vegvesens Handbok 140).



Fortøyingsbolt ved Djupevåg



Kulturspor i landskapet på Rabben

Nr.	Område	Vurdering	Omfang
1	Holmane	Det finst to fortøyingsboltar i dette området, som begge vil verte øydelagt som del av tiltaket. Begge er av typen Friess, frå byrjinga av 1800-talet.	Middels negativt
2	Salthella	Salthella får ein kombinasjon av industri og naust. Staden er mykje nedbygd allereie, men her er bevart ein del eldre naust og andre bygningar. Planlagt tiltak vil medføre at marmorbrot vert øydelagt, men elles vil kulturmiljø/-minne berre i liten grad verte endra. Den historiske lesbarheita vil verte noko redusert som følgje av masseuttak og bygging i området.	Middels negativt
3	Heia	Det er ingen kjende kulturminne innanfor dette området.	-
4	Steinevik	Her vil det i hovudsak verte regulert til LNF og til næring/turisme. Det er òg planlagt nokre nye naust. Tiltaket vil i liten grad endre eller redusere lesbarheita til kulturmiljøet i Steinevik.	Ikkje noko
5	Steinevikneset	Steinevikneset er tenkt nytta til industriføremål med ny tilkomstveg. Delar av dei to kulturmiljøa her vil kunne verte skada av tiltaket. Lesbarheita til kulturmiljøa vil verte redusert.	Middels negativt
6	Djupevåg	Den inste delen av Djupevågen med bygningsmassen, er ikkje del av planområdet. Ytterkanten av vågen er tenkt utfylt og nytta som industriområde. Tiltaket vil skade kulturminne (fortøyingsbolt), og gjennom utfyllinga redusere den historiske lesbarheita til kulturmiljøet her.	Middels negativt
7	Rabben (veg)	Tiltaket er ny tilkomstveg til planlagt industriområde ved Djupevåg. Delar av kulturmiljø med eldre tufter vil kunne verte råka av vegen. Tiltaket vil elles ha liten innverknad på kulturmiljøa i Rabben-området.	Lite / middels negativt

9.10.2 Konsekvens

Konsekvensen av eit tiltak er ei vurdering av dei kulturhistoriske verdiane til kulturminne og kulturmiljø sett i forhold til omfanget av tiltaket, det vil seie kva konsekvens tiltakets omfang har for kulturminne og kulturmiljø. Også konsekvensane av tiltak i anleggsperioden skal skildrast i konsekvensutgreiinga, men skal ikkje inngå i vurderinga av dei permanente konsekvensane.

Nr.	Område namn	Verdi	Omfang	Konsekvens
1	Holmane	Liten	Middels negativt	Ubetydeleg / Liten negativ
2	Salthella	Liten - middels	Middels negativt	Liten / middels negativ
3	Heia	-	-	-
4	Steinevik	Middels	Ikkje noko	Ubetydeleg
5	Steinevikneset	Liten	Middels negativt	Liten negativ
6	Djupevåg	Middels	Middels negativt	Middels negativ
7	Rabben	Liten - Middels	Lite /middels negativt	Liten negativ

9.10.3 Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak kan til dømes vere bygging av tunnel/kulvert, støyskjerming, tildekking av kulturminne, dokumentasjon/demontering/flytting (dette vert ikkje rekna som ekte avbøtande tiltak, ettersom kulturminne vil verte øydelagt eller forringa), prosjektjusteringar på overordna nivå, spesifikke tiltak på detaljnivå, tiltak mot drenering/erosjon/setningar/vibrasjon, merking av kulturminne eller å fjerne/flytte delar av tiltaket.

I konsekvensutgreiinga er det foreslått avbøtande tiltak i dei tilfella der ein frå ein kulturhistorisk ståstad meiner at konsekvensen av tiltaket på kulturminna/kulturmiljøa ikkje er den beste løysinga. Dei avbøtande tiltaka er ikkje med i sjølve konsekvensvurderinga.

Nr.	Område	Konsekvens	Avbøtande tiltak
1	Holmane	Ubetydeleg / liten negativ (0/-)	Demontere boltane og ta vare på desse. Reduksjon av IND1 og IND2, slik at fortøyingsboltar vert ståande, er ikkje gjennomførleg.
2	Salthella	Liten / middels negativ (-/-)	Demontere bolt og ta vare på denne. Reduksjon av IND4 og molo, slik at fortøyingsbolt og marmorbrot ikkje vert skada, er ikkje gjennomførleg.
3	Heia	-	-
4	Steinevik	Ubetydeleg (0)	Ikkje naudsynt
5	Steinevikneset	Liten negativ (-)	Vegframføring vil gripe inn i kulturminna på austsida av neset, Justering av tiltak slik at kulturminna på austsida av neset ikkje vert skada er ikkje gjennomførleg.
6	Djupevåg	Middels negativ (-)	Reduksjon av område IND8, slik at fortøyingsbolt ikkje vert skada. Merking av kulturminne i anleggsperioden.
7	Rabben (veg)	Liten negativ (-)	Justering av tiltak, slik at område med tufter ikkje vert skada av tilkomstveg. Merking av kulturminne i anleggsperioden.


9.11 KONSEKVENSA I FORHOLD TIL GJELDANDE REGULERINGSPLANAR

For kvart delområde er det gjort ei vurdering av konsekvensar av tiltaket (framlegg til plan) samanlikna med kva endringar tiltaket fører til i forhold til gjeldande reguleringsplanar. Det vil seie ein situasjon der Salthella og Rabben er fullt utbygd etter gjeldande planar.

Område namn	
1 Holmane	Gjeldande reguleringsplan for Salthella hamn og næringsområde opnar for etablering av molo mellom Salthella og to av holmane. Planen om å utvide hamnebassenget rundt Salthella er dermed allereie etablert, og inngrep i holmane er lansert. Anlegget i gjeldande plan er likevel eit mindre anlegg enn det planframlegget no legg til rette for. Gjeldande plan viser ein molo, ei steinfylling for å skape livd i hamna, som knyter seg på holmane, men som ikkje endrar topografien på desse. Planframlegget føreset at alle holmane, Bleikja inkludert, vert transformert og innlemma i eit større anlegg av nærings- og hamneareal knytt til moloen. - Nærmiljø og friluftsliv: <u>Ubetydeleg negativ</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan. - Landskapsbilete: Omfanget vert redusert til middels negativt. <u>Middels – stor negativ konsekvens</u>. - Naturressursar: <u>Ingen</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan. - Naturmiljø: Tareskog og skjelsand vert påverka av moloen også i gjeldande plan, men tiltaket vil ha ein <u>liten negativ</u> konsekvens for fuglelivet. - Kulturmiljø: <u>Ingen</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan.
2 Salthella	Gjeldande reguleringsplan legg til rette for ei noko mindre utviding av industriarealet enn det planframlegget no gjer. Planframlegget føreset ny veg inn til området. - Nærmiljø og friluftsliv: Konsekvensen er <u>lik</u> samanlikna med gjeldande plan. - Landskapsbilete: Konsekvensen av tiltaket blir <u>lik</u> anten ein samanliknar med dagens situasjon, eller med gjeldande plan. (Ubetydeleg /liten negativ konsekvens) - Naturressursar: Konsekvensen blir <u>lik</u> samanlikna med gjeldande plan. (Ubetydeleg konsekvens) - Naturmiljø: Naturmiljø: Tareskog og skjelsand vert påverka av moloen også i gjeldande plan, men tiltaket vil ha ein <u>liten negativ</u> konsekvens for fuglelivet. - Kulturmiljø: <u>Ingen</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan.
3 Heia	Heia er ikkje omfatta av reguleringsplan, men delar av den ligg i framlegg til kommuneplan som industriområde. Det er likevel dei øvre delane som i kommuneplanen er disponert til dette føremålet, og det er sett att ein grøn buffer i terrenget ut mot sjøen. Framlegget til kommuneplan er ikkje vedteke, og såleis ikkje gjeldande. <i>Konsekvensar for eksisterande situasjon er derfor representativ for gjeldande plansituasjon.</i>
4 Steinevik	Gjeldande reguleringsplan for Salthella hamneområde omfattar også Steinevik, og legg til rette for utbygging av naust i strandsona, samt ein molo med bru over innlaupet. Byggjeområdet er det same i føreliggande planframlegg, men molo er teke ut. Det gjer at tiltaket får mindre visuell innverknad på Steinevikområdet. Samstundes er hamnearealet ved Mørenot auka i planframlegget, og hamnefronten er trekt lenger fram, slik at innlaupet til Steinevik uansett vil verte råka. - Nærmiljø og friluftsliv: Konsekvensen er <u>lik</u> samanlikna med gjeldande plan. - Landskapsbilete: Konsekvensen av tiltaket samanlikna med gjeldande plan er <u>litt</u>

	<u>positivt.</u> - Naturressursar: <u>Ingen</u> konsekvens samanlikna med gjeldande plan. - Naturmiljø: <u>Ingen</u> konsekvens samanlikna med gjeldande plan. - Kulturmiljø: Litt <u>positiv</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan
5 Steinevikneset	Steinevikneset er ikkje omfatta av reguleringsplan, men ligg i gjeldande og framlegg til kommuneplan som industriområde med same utstrekning som i reguleringsplanframlegget. Tiltaket får dermed <u>ingen</u> konsekvens samanlikna med gjeldande kommuneplan.
6 Djupevåg	Djupevåg er ikkje regulert, og i gjeldande kommuneplan ligg området som LNF-område. Dette er også vidareført i framlegg til revidert kommuneplan. Konsekvensar for eksisterande situasjon er derfor representativ for gjeldande plansituasjon.
7 Rabben	Gjeldande reguleringsplan for Rabben hamn og industriområde opnar for etablering av industri langs nordsida av terrengforma. Tilkomstveg til Djupevåg (IND8) i planframlegget ligg innanfor dette regulerede industriområdet. Dei terrenginngrepa ein ser for seg ved etablering av vegen, er allereie introduserte i gjeldande plan. Då planframlegget ikkje erstattar føreliggande reguleringsplan for Rabbenområdet, må ein legg til grunn at vegen blir liggande som ein del av industriområdet. - Nærmiljø og friluftsliv: Trafikkauke på eksisterande veg og inngrep i eigedomar fører til litt negativt omfang samanlikna med gjeldande plan og dermed <u>litt negativ</u> konsekvens. - Landskapsbilete: Tiltak i tråd med planframlegget har <u>ikkje nokon</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan. - Naturressursar: Tiltak i tråd med planframlegget har <u>ikkje nokon</u> konsekvens i forhold til gjeldande plan. - Naturmiljø: Ingen konsekvens samanlikna med gjeldande plan. - Kulturmiljø: Ingen konsekvens samanlikna med gjeldande plan.

9.12 OPPSUMMERING KONSEKVENSA



3D-modell av planområdet sett ut Djupevåg.

Bygging av molo og næringsområde får hovudsakleg konsekvensar for nærmiljø, landskapsbilete, naturmiljø og kulturmiljø.

Bygging av moloen med tilstøytande næringsområde blir eksponert sett frå eit stor område. Den vil skape barrierar i fjordlandskapet og får stor negativ konsekvens for landskapsbiletet. Molen får stor negativ konsekvens for naturmiljøet ved at tareskog og skjelsandområde forsvinn og ved at holmane vert mindre attraktive for sjøfugl. Tiltaket får også negativ konsekvens for kulturmiljøet ved at den historiske lesbarheita vert redusert og at marmorbrot på Salthella vert øydelagt. Industriområdet og ny tilførselsveg vil også få litt negativ konsekvens for eksisterande bustader på Salthella.

Samanliknar ein med gjeldande plan, som regulerer sjølve moloen, har etableringa av næringsområda på holmane negativ konsekvens for landskapsbiletet sidan tiltaket fører til at delar holmane vert flata ut og industriverksemda på holmane vil verte eksponert i landskapsrommet. Sett i forhold til gjeldande plan har næringsområda på holmane og Salthella liten negativ konsekvens for naturmiljø.

Steinuttak med næringsområde N3-N5 på Heia sprengjer landskapet sin skala og er eksponerte mot sjøen, inngrepa har stor negativ konsekvens for landskapsbiletet.

I gjeldande reguleringsplan for Salthella ligg det inne ein molo ytst i Steinevik. Denne er no foreslått regulert vekk. Dette har ein positiv konsekvens for landskapsbilete og kulturmiljøet i Steinevik.

Industriområde IND7 på Steinevikneset sprengjer landskapet sin skala og er eksponerte mot sjøen. Inngrepet vil få stor negativ konsekvens for landskapsbiletet. Dette arealet ligg inne i kommuneplanen og samanlikna med gjeldande plan vil det ikkje vere nokon konsekvens av tiltaket.

Næringsområde IND8 i Djupevåg har ein skala som bryt med landskapet, fjernar dei ytre holmane og gir store skjeringar mot sjøen. Opplevingsverdien av landskapsrommet i Djupevåg vert redusert. Industriområdet med tilførselsveg vil ha stor negativ konsekvens for landskapsbiletet. Utfyllinga reduserer også den historiske lesbarheita og har negativ konsekvens for kulturmiljøet i Djupevåg. IND8 vil også redusere attraktiviteten til bustad/hytteområda i Djupevåg og på Tøkje. Spesielt den for planlagde utbygginga på Tøkje som blir liggande mellom industriområda på Steinevikneset og i Djupevåg.

10 Risiko og sårbarheit

Komplett ROS-analyse datert 12.10.2012 ligg som vedlegg til planen. Her er gitt eit samandrag av metode, risikovurdering og konklusjon.

10.1 METODE

I denne analysen av risiko for liv og helse, materielle verdiar og miljø, vert hovudprinsippa i NS 5814:2008 Krav til risikovurderingar følgt. Analysen følgjer retningslinjene i DSBs rettleiar *Samfunnsikkerhet i arealplanlegging*.

Fareidentifikasjon

Fare er tilhøve som kan føra til konkrete, stadfesta hendingar. Gjennom ROS-seminar 5/9-12 og gjennomgang av ei sjekklisse for fareidentifikasjon, er ein rimeleg sikker på at moglege farar er grundig vurdert. Dette vert nytta som grunnlag for å definere uønskete hendingar.

Sårbarheitsvurdering

Aktuelle farar er teke med vidare til ei *vurdering av sårbarheit*. Sårbarheit er definert som manglande evne hos eit analyseobjekt til å motstå verknader av ei uønskt hending og til å opprette sin opphavlege tilstand eller funksjon etter hendinga. Sårbarheita vert gradert etter følgjande: sær, moderat, lite eller ikkje sårbart. Sårbarheit er ei skjønnsfagleg vurdering.

Risikovurdering

Risiko vert definert som kombinasjonen av sannsynet for og konsekvensen av ei uønskt hending. Den innleiande fareidentifikasjonen og sårbarvurderinga vil avdekke eventuelle behov for ein meir detaljert hendingsbasert analyse. I denne analysen vert *sannsynet* for at ei hending skjer, og *konsekvensen* av hendinga, vurdert.

Risiko vurderast innanfor tre ulike kategoriar:

- Liv og helse
- Miljø
- Materielle verdiar

Risikoreduserande tiltak

Om det er vurdert at somme hendingar kan gje uakseptabel eller høg risiko vil denne analysen peike på tiltak for å redusere risiko kring ei slik hending. Slike tiltak skal anten redusere sannsynet for at hendinga skjer eller redusere konsekvensane av hendinga, eller både delar.



Framgangsmåte for ROS-analyse

Vurderingskriteria og risikoakseptkriteria

Austevoll kommune vedtok i juni 2012 ei ROS-matrise til bruk i arealplansamanheng. Denne er nytta i ROS-analysen. Dei fastsette kriteria for sannsyn og konsekvens gjer det mogleg å vurdere risiko knytt til dei einiskilde uønskte hendingane som er identifisert for dette tiltaket.

Kriteria for sannsyn	
S6: Svært sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år
S5: Meget sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 100 år.
S4: Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 100. år, men meir enn ei hending kvart 200 år.
S3: Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000 år.
S2: Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000 år.
S1: Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år.

Kriteria for vurdering av sannsyn

Kriteria for konsekvens			
	Liv og helse	Miljø	Materielle verdier
K1	Få og ubetydelege personskadar	Ingen eller få og ubetydelege miljøskadar og/eller forureining av omgjevnadene	Skadar avgrensa opp til kr 100 000. Produksjonsstans < 1 veke
K2	Personskadar kan skje, fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding	Små skadar på miljøet som utbetrast av naturen sjølv etter relativt kort tid	Skadar avgrensa opp til kr 1 000 000. Produksjonsstans < 1 mnd.
K3	Personskadar som fører til sjukemelding og lengre fråvær	Miljøskadar av stort omfang og middels alvor, eller skadar av lite omfang, men høgt alvor	Skadar avgrensa opp til kr 10 000 000. Produksjonsstans >1 mnd.
K4	Alvorlege, (varige) personskadar og inntil 3 omkomne	Store og alvorlege miljøskadar som det vil ta lang tid å utbetre. (fleire tiår)	Skadar avgrensa opp til kr 100 000 000. Produksjonsstans > 3 mnd.
K5	Inntil 4 omkomne og/eller meir enn 20 alvorleg skadde. Inntil 500 evakuerte	Langvarig og i verste fall varige alvorlege skadar på miljø	Skadar avgrensa opp til kr 500 000 000. Produksjonsstans > 1 år.
K6	Inntil 4 omkomne og/eller meir enn 20 alvorleg skadde. Inntil 500 evakuerte	Varige og alvorlege miljøskadar av stort omfang	Skadar for meir enn kr 500 000 000 Varig produksjonstans

Tabell 1: Kriteria for vurdering av konsekvens

10.2 RISIKOVURDERING

Detaljert vurdering av risiko for dei einskilde uønskete hendingane er skildra i vedlagt risikoanalyse. Etter farekartlegginga vart desse farane registrerte som aktuelle:

- Skred/ustabil grunn
- Springflo
- Vind/ekstremnedbør
- Havnivåstigning
- Skog- og lyngbrann
- Brann/eksplosjon ved industrianlegg
- Kjemikalieutslepp og annan akutt forureining
- Transport av farleg gods
- Forureining i grunn/sjø
- VA – leidningsnett
- Trafikktryggleik
- El-forsyning
- Drikkevassforsyning
- Kulturminne
- Naturverdiar

Etter ei vurdering av sårbarheit for dei relevante farane blei følgjande uønskete hendingar definert som utgangspunkt for risikovurdering:

- UH 1. Stormflo som fløymer over kaiområdet.
- UH 2. Molo delvis øydelagt av bølger.
- UH 3. Ekstrem vind
- UH 4. Brann i tankanlegg for drivstoff
- UH 5. Brann eksplosjon i propananlegg
- UH 6. Utslepp av drivstoff
- UH 7. Utslepp av andre organiske stoff (fiskeavfall, fiskeforprodukt)
- UH 8. Ulukke med farleg gods i planområdet
- UH 9. Kollisjon mellom fartøy i planområdet
- UH 10. Trafikkulukke på vegnettet i planområdet

Vurdering av dei ti uønskete hendingane er i kategoriane liv/helse, miljø og materielle verdiar illustrert i risikomatrixane:

Risikobilete for liv og helse

	K1	K2	K3	K4	K5	K6
S6	UH7	UH3	UH10			
S5	UH6	UH1	UH9			
S4						
S3		UH2	UH8	UH4, UH5		
S2						
S1						

Risikobilete for miljø

	K1	K2	K3	K4	K5	K6
S6	UH3, UH10	UH7				
S5	UH9	UH1, UH6				
S4						
S3		UH2, UH5	UH8	UH4		
S2						
S1						

Risikobilete for materielle verdier

	K1	K2	K3	K4	K5	K6
S6	UH10	UH3, UH7				
S5	UG6	UH9,UH1				
S4						
S3		UH8,UH2, UH5		UH4		
S2						
S1						

Tabellane 6 til 8 syner at fleire hendingar er vurdert i raud sone noko som i utgangspunktet skal vere uakseptabel risiko. Mykje av årsaka til at risikoen verkar høg er at akseptkriteria for frekvens ikkje er tilpassa den type hendingar som ofte vurderast i ROS-analysar for arealplanar. Austevoll kommune sine akseptkriterium for sannsyn gjer at risiko vert vurdert høgare enn tenleg og at ein etter vår vurdering derfor ikkje kan seie at alle hendingar som hamnar i raud sone er uakseptable.

10.3 KONKLUSJON

Risikovurderinga avdekkjer uakseptabel risiko (RAUD) knytt til følgjande uønskte hendingar:

- | | |
|--|-----------------------------------|
| • UH3 ekstrem vind | Liv og helse + Materielle verdier |
| • UH4 brann i tankanlegg for drivstoff | Liv og helse |
| • UH5 Brann eksplosjon i propananlegg | Liv og helse |
| • UH7 Utslepp organiske stoff | Materielle verdier |
| • UH9 Kollisjon mellom fartøy | Liv og helse |
| • UH10 Trafikkulykke | Liv og helse |

Følgjande hendingar er vurdert å hamne i GUL sone, der risikoreduserande tiltak kan vurderast om det er forsvarleg ut frå økonomiske eller andre tilhøve:

- UH1 Stormflo Liv og helse + Miljø + Materielle verdier
- UH6 Utslepp av drivstoff Miljø
- UH8 ulykke med farleg gods Liv og helse + Miljø + Materielle verdier

10.3.1 Risikoreduserande tiltak

Hendingar i raud sone er i utgangspunktet vurdert med uakseptabelt høg risiko. Det er derfor naudsynt å vurdere risikoreduserande tiltak for desse hendingane. Ved mange høve kan dei same tiltaka redusere risiko for fleire av dei uønskte hendingane.

UH1 – Stormflo over kainivå (GUL)

Endringar i globalt klima gjer at ein kan vente seg høgare havnivå i framtida. Ein kan derfor oppleve at hendingar med stormflo og springflo kan gjere at havnivået stig til over regulert kaikant. Det er i planen tatt høgde for klimaendring / at havnivået kjem til å stige ved at kaiane ligg på kote + 3,0, ca 0,5 m høgare enn det som er vanleg i dag. Ein kan treffe ytterligare tiltak både for å redusere sannsynet for ei slik hending og for å redusere konsekvensane. Slike tiltak kan vere:

- Betre rutinar for sikring av lause gjenstandar og fartøy til kai.
- Etablere varslingsystem for stormflo og springflo

UH3 – Ekstrem vind (RAUD)

Det er lite ein kan gjere for å redusere sannsynet for hendingar med ekstreme vindtilhøve. Derfor må risikoreduserande tiltak søkje å redusere konsekvensar av slike hendingar. Følgjande tiltak kan vere med på å redusere konsekvensar av periodar med sterk vind:

- Verksemdar som etablerer seg i planområdet kan gå saman om rutinar for handtering av ekstreme vêrtilhøve.
- Periodevise øvingar for å førebu seg på ekstreme vêrsituasjonar kan arrangerast, også saman med brukarar av småbåthamn/naustområde lokalbefolkning.
- Aktørar i planområdet må ha fokus på sikring av lause gjenstandar og fartøy særleg ved innslag av ekstreme vindtilhøve
- Ein kan etablere gode varslingsrutinar for ekstremver i samarbeid med til dømes meteorologisk institutt. Døme på slike løysingar kan vere SMS-varsling av brukarar etc.

UH4 – Brann i tankanlegg for drivstoff (RAUD)

I denne analysen han ein som føresetnad at alle retningslinjer og føresegner for oppbevaring og lasting av drivstoff (diesel) i større kvanta (2000m³) er følgd. Når ein likevel ser at hendinga hamnar i raud sone er det delvis ein følgje av at risikoakseptkriteria til Austevoll kommune vel å gå noko lenger. For denne hendinga kan ein sette i verk tiltak både for å redusere sannsynet for brann og redusere fylgjene av ei slik hending.

- Auke ettersyn og vedlikehald av anlegget ut over krav i forskrifter og retningslinjer
- Tiltak for å betre responstid og sløkkekapasitet hjå brannvesenet
- Lokale ressursar for brannvern tilpassa verksemdar i industriområdet

UH5 - Brann/Eksplosjon i propananlegg (RAUD)

I dagens situasjon er det eitt anlegg for bruk og lagring av propan i planområdet. Det nyttast i produksjon av fôrprodukt hjå anlegget til Hordafor sentralt i området. Som for UH4 har ein som premiss for risikovurderinga at alle retningslinjer og forskrifter for handtering av slike anlegg er fylgt. Fleire risikoreduserande tiltak for denne hendinga er lik som for UH4, men i tillegg kan ein vurdere:

- Betra rutinar og meir omfattande vedlikehald enn i dag

UH6 – Utslepp av drivstoff (GUL)

Utslepp av større kvanta diesel anten frå fartøy eller tankanlegg er vurdert å kunne gje miljøskadar av lite omfang, men stort alvor. Ein kan sette i verk risikoreduserande tiltak både for å redusere sannsynet for ei slik hending og tiltak som minskar konsekvensen. Døme på tiltak er:

- Hyppig ettersyn og vedlikehald av bunkringsanlegg
- Etablere lokal beredskap for oljevern med utstyr for handtering av utslepp som lenser etc.

UH7 – Utslepp av andre organiske stoff (fiskeavfall, fiskeforprodukt) (RAUD)

Det som gjer at denne hendinga hamnar i raud sone for materielle verdar er kostnadar ved reinsking av materiell og fartøy som følgje av tilgrisinga. Desse kostnadane er vurdert å kome på over 100 000 kr. Bakgrunnen for ei slik vurdering er at ein har erfaring for slike hendingar og særlig aktørar som driv med utleige av småbåtar og anna turistverksemd peikar på eit omfattande oppreinskingsarbeid etter slike utslepp. Tiltak for å redusere risiko for slike hendingar kan vere:

- Etablere lokal beredskap for hurtig handtering av denne type utslepp
- Gode rutinar for handtering av fiskeavfall, ensilasje og fôrprodukt
- Etablere løysingar for hurtig varsling av slike hendingar
-

UH8 – Ulukke med farleg gods (GUL)

Hendinga som er vurdert er velt av tankbil med farleg gods. Fylkesvegen er utanfor planområdet, denne har dårleg standard. Trafikkbilete i planområdet kan verte noko uoversiktleg særleg nært småbåthamna og naustområdet. Følgjande risikoreduserande hendingar kan vurderast:

- Betre lokal brann- og oljevernberedskap
- Gode løysingar for parkering og tilkomst til naustområde/småbåthamn

UH9 – Kollisjon mellom fartøy i planområdet (RAUD)

Scenarioet som er vurdert er kollisjon mellom fritidsbåtar og mellom fritidsbåtar og fartøy knytt til fiskerihamna. Tilhøve som er med på å auke risiko knytt til denne hendinga er at ein legg til rette for auka småbåttrafikk i hamnebassenget gjennom småbåtanlegg i Steinevik, Djupevåg og på Tøkje. Følgjande risikoreduserande tiltak kan vurderast:

- Avmerkingar i hamnebassenget der småbåttrafikk ikkje er tillate.

UH10 – Trafikkulykke på vegnettet (RAUD)

Berekingar syner at når alle tiltaka i planen er etablert vil det føre til meir enn ei dobling av trafikkmengda på fv151 frå Salthella til Bekkjarvik. Fylkesvegen (utanfor planområdet) og vegane i planområdet er av ein standard som legg opp til relativt låg hastighet, noko som gjer at den «typiske» trafikkulukka i området vil ha relativt liten konsekvens for liv og helse. Med dei gjeldande akseptkriteria vil ein likevel hamne i raud sone for liv og helse. Følgjande Risikoreduserande tiltak som kan vurderast:

- Inngangsport til industriområdet med bom og vaktordning som hindrar tilgjenge for uvedkommande.

10.3.2 Oppsummering

ROS analysen har synt at det er fleire aspekt ved reguleringsplanen for regional fiskerihamn ved Salthella som kan vere risikofylt. Risiko knytt til sjølve næringsområdet er avhengig av kva funksjonar som vil lokaliserast her med tida og kan difor ikkje vurderast i detalj. Utover eit fokus på å tilpasse seg ekstremver er ikkje industriområdet vurdert som meir risikofylt enn andre tilsvarande område når ein legg til grunn at alle aktørar overheld forskrifter og rutinar for sikker drift.

Det som gjer at risikobilete for denne reguleringsplanen er høgare enn normalt er at han legg opp til uheldig funksjonsblanding som inneber auka risiko for uønskte hendingar der brukarar av småbåthamna, naustområda og turistfunksjonane vert skadelidande.

Vær og klima

Salthella ligg i eit område som er prega av mykje ver og relativt hyppige innslag av ekstrem nedbør og vindstyrke. I slike område er det særskilt viktig at rutinar for å motverke effektane av ekstremvær vert fylgd. I framtida vil tilfelle av ekstremvær finne stad med auka alvor og frekvens.

Brennbart materiale

Det vil alltid vere ein viss risiko ved oppbevaring og bruk av brennbart materiale. I planen har ein allereie teken nokre grep for å redusere risiko for hendingar med drivstoff-anlegget. Lokaliseringa yst ute på moloen lengst unna andre verksemdar, småbåthamn/naustområde og lokalbefolkning samt omsynssone kring sjølve anlegget er med på å redusere risiko. Omsynssona for bunkringsanlegg for diesel er sett til 20m frå tankvegg basert på rettleiar for oppbevaring av brannfarleg væske frå DSB (1994). Det er ein føresetnad at eventuelle nye anlegg som handterer brennbart materiale følgjer dei krav kring tryggleik som gjeld til einkvar tid

Funksjonsblanding

Reguleringsplanen legg opp til potensielt omfattande industri og næringsaktivitet. Å legge til rette for større småbåtanlegg og fleire turist og friluftslivstilbod i eller like ved planområdet er med på å auke risiko for uønskte hendingar som til dømes trafikkulukker. I tillegg er funksjonsblandinga med på å auke konsekvensane av uønskte hendingar på industriverksemdene.

11 Innkomne merknader

Ved varsel om oppstart av planarbeid kom det inn 16 innspel, 7 frå offentlege instansar og 9 frå grunneigarar og private verksemdar.


	Avsendar	Hovudpunkt	Forslagstillar sin kommentar
	Høyringsinstansar		
1	Statens vegvesen	- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging bør leggst til grunn for arbeidet. - Der plangrensa grensar til fylkesveg 151 forventar SVV at vegen vert regulert i samsvar med dimensjoneringsklasse Sa2. - Viktig å få avklart kva ny trafikk som vil kome på fv 151 i anleggs- og driftsfasen. Kan kome rekkefølgjekrav om utbetring av fylkesvegen i reguleringsplanen. - Rekkefølgjekrav om utbetring av viktige kryss/avkøyrslar med fylkesvegen. - Gjev krav til detaljar i reguleringsplanen mellom anna: 3 m belte langs fv 151 skal regulerast til annan vegggrunn. (1,5 m langs g/s-veg) - Byggegrense på 30 m frå vegmidte skal visast i plankartet. - Tilrår at det vert regulert g/s-veg frå bustadområde til skule. - Minner om at busslommar må vere minst 70 m lange. - Nærområdet til fv 151 ligg i gul støysone. Føresegnene skal gjere greie for kva restriksjonar som gjeld i støysonene og støykrav kombinert med	Planen har berre ei kort grense mot fylkesvegen og det er ikkje formålstenleg å berre regulere ein kort strekning av fylkesvegen. På denne strekninga er det lagt inn ein grøn buffer/byggegrense for evt. framtidig vegutbetring. Trafikktal er omtalt i kapittel 9.3 Rekkefølge krav om opparbeiding av kryssa er lagt inn i føresegnene. Er lagt inn i planen. Regulerer ikkje ny bustadområde. Plan vil ikkje legge til rette for ny støyfølsam bruk i gul sone langs vegen.

		rekkefølgekrav. Støyfølsam bruk i støysona krev støyutgreiingar i plansaka.	
2	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum	Området har potensial for funn av marine kulturminne. Det vart derfor utført marinarkeologiske registreringar 1-4.10.2012. • Det vart ikkje registrert eldre marine kulturminne i reguleringsområdet. • Det blei registrert tre fortøyingsboltar, oppmodar til at bolten på Austre Vadholmen vert teken omsyn til.	Bolten på Austre Vadholmen ligg i industriområde IND2 og vil ikkje kunne takast vare på.
3	Kystverket vest	Tek melding om oppstart til etterretning.	
4	Fylkesmannen i Hordaland	• Ingen merknad til arealdisponeringa då tiltaket er i tråd med overordna plan. • Støy, lukt og anna forureining frå anlegget må utgreiast tilstrekkeleg og avbøtande tiltak/alternativ må vurderast. • Viktig med gode landskapsvurderingar / vurdering av avbøtande tiltak i samband med masseuttak og fyllingar. • Kommunen er ansvarleg mynde og må vurdere trong for konsekvensutgreiing. Dette burde vore vist i oppstartsmeldinga. Forventar at vurderinga vert synleg i planarbeidet framover.	Landskapsvurderingar, støyvurdering og ROS-analyse er gjort som ein del av planarbeidet, sjå kapittel 9 og 0. Tilhøve til krav om konsekvensutgreiing er gjort i kapittel 2.3.
5	Opplysningsvesenets fond v/ ABO Plan&arkitektur	Ingen eigedommar i området og ingen merknader.	
6	Hordaland fylkeskommune	• Positive til vidareutvikling av hamna. Er eit prioritert mål i Regional transportplan 2013-2024. • Planen kan falle inn under forskrift om konsekvensutgreiing då det er uklart om den er utgreia i samband med KPA. Oppstartsmeldinga burde gjort greie for dette. • For å redusere utslepp av klimagassar og støy bør ein vurdere om ein kan leggje til rette for landstraum. • Ingen kjende automatisk freda kulturminne, men potensiale for funn. Ingen kjende verneverdige kulturminne. Vil bli stilt krav om arkeologisk registrering.	Tilhøve til krav om konsekvensutgreiing er gjort i kapittel 2.3. Feltarbeid er utført. Ventar på tilbagemelding.

		• Viser óg til merknad frå Bergens sjøfartsmuseum. • Fem lokalitetar for produksjon av laks innan 2-5 km. Vil venteleg verte påverka. Føresett brei dialog. • Landskap: Byggjetiltak og infrastruktur må innordne seg dei fysiske omgjevnadene. Steinuttak i planområdet må visast i områdeplanen. • Kartlagt mogleg skjelsandførekomst. Utforsking eller utnytting krev konsesjonssøknad.	Kystverket har erfaring frå sprenging under vatn med vesentleg kortare avstand til oppdrettsanlegg enn i denne planen. Ein vil likevel opprette prosedyrar for undervasssprenging i god tid før anleggsstart. I anleggsfasen skal det vere tett kommunikasjon mellom entreprenør og oppdrettar. Ein må vurdere om veterinær skal observere fisken i merdane før og etter detonasjonen. Ein må vidare vurdere bruk av trykkpulsmålar, for å registrere trykkforskjell i nærleiken av merdane, og etablering av luftgardin mellom sprengingsstaden og oppdrettsanlegga, for å dempe trykkbølga. Landskapstilhøve har vore eit viktig tema mellom anna ved lokalisering av steinuttak. Sjø planskildringa. Vil verte tatt med i det vidare detaljeringsarbeidet.
7	Fiskeridirektoratet	Ser positivt på planlegginga av hamna.	
	Private		
8	Hallvard Stenevik gnr 12 bnr 6,71	• For å ivareta dei mest utsette vindretningane frå nord og aust må moloen gå mellom Djupevåg til Søre Vadholmen. Evt. med ein bølgedempar frå Djupevåg og Bleikja. Dette gjev god skjerming mot nord og aust. Molo mellom S. Vadholmen og Salthella kan sløyfast då den ikkje er naudsynt for skjerming. Bru el.l for passasje for småbåtar frå aust ved Djupevåg. • Steinuttak i området Djupevåg mot Rabben gjev store industriareal med vegtilkomst via Rabben. • Steinuttak på gnr 13/5 vest for Salthella gjev moglegheit for industri med djupvasskai.	Molo mellom Djupevåg og Bleikja er ikkje økonomiske realiserbart. Her er djupner på meir enn 55 m og det vil gå med svært store mengder stein. Flyteelement fungerer ikkje på tung sjø. Molo mellom Salthella og Søre Vadholmen trengs for å frakte stein i anleggsfasen og for å gje tilkomst til liggjeplassar og industriområde ved Vadholmane. Lokalisering av steinuttak og næringsområde er drøfta i kapittel 7. Tøkje vil ikkje får gode nok

		- Området Tøkje/Stenevik (Kalvatre) som industriområde med djupvasskai. Kan etablere fjellhall med evt. fryseler for fisk. - Eig og driv Stenevik Gjestegard (fisketuristar) og ønskjer å kunne utvide turistverksemda.	hamnetilhøve til kai. Eigedomen er vist som næring/turistverksemd og LNF med spreitt næring.
9	Arne Rabben gnr 9 bnr 60 (4) og gnr 10 bnr 14	Begge eigedomane ønskes regulert som naust fritid. gnr 9 bnr 4 er etablert og godkjent som rorbu, ønskjer ikkje industri innpå denne.	Eigedomen ligg utanfor endeleg planområde.
10	Bjørn Haukedal gnr 12 bnr 8	Ønskjer illustrasjon for steinuttak og vegløysning (3D) for å kunne vurdere konsekvensar.	Er utarbeidd som ein del av planskilddinga.
11	Sjøtroll Havbruk AS	Har to oppdrettslokalitetar nordaust for planområdet: Buholmen og Lunnøykalven. - Ved sprenging og fylling må ein ta omsyn til at det står fisk på lokalitetane. Sprenging/fylling kan forårsake massedødd. - Oppteken av kva aktivitet ein forventar med tanke på utslepp, smittefare. - Kan moloane gje endra/dårlegare straum i området slik at vassutskiftinga vert dårlegare?	Sjå kommentar til marknad nr. 6
12	Wenche Skibenes gnr 11 bnr 14	Ingen kommentarar til oppstart. Avventar informasjon om tiltak som vedkjem eigedomen.	
13 a)	Knut Kristian Djupevåg, Nils Bjarthe Djupevåg gnr 11 bnr 2, 9, 19, 33, 34, 42	Vil vidareutvikle Djupevåg i tråd med planframlegg godkjend av planutvalet. Djupevåg er lagt ut til turistverksemd i kommuneplanen. Steinbrot og skjeringar må ikkje øydelegge den idylliske og flotte hamna. Ønskje ein ny molo som skjerm frå neset til holmane.	Eigedomane inne i Djupevågen ligg utanfor planområdet. Ytre del av bnr 2 er foreslått til industriområde. Industriområdet er lagt utanfor toppen på den innte holmen og «bak» neset slik at det skal få minst mogleg innverknad på nærmiljøet i Djupevåg. Fylling til ny næringsområde vil fungere som molo i nordvest.
13 b)	Lars Knut Aarland på vegne av Knut K og Nils B Djupevåg.	Ber om at planframlegg for Djupevåg vert tatt omsyn til reguleringsplanen.	Arealet ligg utanfor planområdet for fiskerihamna.
14	Gro Kalvenes (gnr 11 bnr 7)	- Familien ønskjer å bevare den naturskjønne eigedomen i Djupevåg. - Grunneigarane er handsama stemoderleg så langt i prosessen. - Lokaliseringa til den planlagde fiskerihamna er for vêrhard (straum og drag uvêr). Andre egna stadar i Austevoll bør	Vert teke til etterretning. Fiskerihamna er lokalisert gjennom kommuneplanen. Overordna vurderingar knytt til lokalisering av hamna inngår ikkje

		vurderast. • Etterlyser omtale av fleire tilhøve: - o Risikovurdering av kombinasjonen fiskerihamn/ industri. Tilhøve innsegling og hamn. - o Risiko knytt til oppbevaring og transport av kjemikaliar mm. (viser til Sløvågulykka) - o Flora. I aktuelle område for steinbrot veks ulike planteartar langs sjøkanten. - o Konsekvens for skjellsandførekomsten – havflora. - o Fugleliv. Fleire sjøfuglartar hekkar på holmane, spesielt på Djupavågbleikjo. Havørn er observert fleire stadar. - o Svale ligg på reir i Djupevåg. - o Tidlegare var det mykje ål i elveløpet inne i Djupevåg, er ikkje kjent med om det er kartlagt i nyare tid. • Saknar spesifisering av kva fasilitetar som vil komme i tilknytning til hamna.	som ein del av reguleringsarbeidet. Risiko er drøfta som ein del av ROS-analysen i kapittel 0. Naturmiljø er omtalt og vurdert i kapittel 6.4 og 9.9.
15	Kjell Asle Djupevåg gnr 11 bnr 10,17, 29,27,41,9 Maria Djupevåg Fristad gnr 11 bnr 30,27,41,9	• Orienterer om planar for området. Næring (utleige) i sjøbuene. Ønsker del av strandsona på nordsida til tre rorbuer. • Må bevare kvalitetane i Djupevåg: - o Landskapskvalitetane med svaberg og elveos. - o Brakkvatn med ål innerst i vågen - o Skjelsand ved Djupevåg hamn og Høggholmen, Åkraholmen - o Rik vegetasjon og fugleliv. - o Historia med kystkulturen inkl kaste og låssetjingsplass ved Slåttholmen og Høggholmen.	Eigedomane er utanfor planområdet. Kvalitetane i området er skildra og vurdert i kapittel 6 og 9.
16	Helge Andersen gnr 12 bnr 7	Ønsker endringar i reguleringsplan for Tøkje: Flytte innløp til hamn, to bustadtomter og nordre del av arealet til næring.	Eigedomen inngår ikkje i planområdet.



I og etter grunneigarmøtet 5. september 2012 kom det inn følgende innspel til planen:

Grunneigar	Innspel	Forslagstillar sin kommentar
Jan Olsen for Salthella sameige gnr 13, bnr 1, 2, 3, 4, 5 og 9.	- Viser til at sjøarealet mellom Holmanakken og Inste Bleikja er sett av til småbåthamn i kommuneplanen og vil ha arealet regulert til småbåthamn, opptrekk, naust. - Ein større del av Vadholmane og Bleikja til næringsareal. - Utvide naustområdet i Steinevik til å gå heilt opp til industriområdet på Salthella - Gjeldande reguleringsplan for Salthella viser ei grøn stripe mot Mørenot. Denne ønskes oppretthalden i ny plan.	- Sameiget sine ønske er ivareteke ved småbåthamn er lagt inn på Holmanakken i samband med nytt naustområde der. (SA)Arealet mellom holmane er viktig som næringsareal i ei framtidsretta fiskerihamn. - Av landskapsomsyn og som klimaskjerm for nye næringsområde er det viktig å la ytre del av holmane ligge. Nye næringsområde vil heller ikkje komme innanfor den skjerma hamna. - Naust tett på industriområde kan føre til konflikstar, spesielt i sjøarealet sidan Mørenot tek i mot store fartøy. Terrenget i område med opptil 10 m høgt

		stup ligg heller ikkje til rette for naust. Eit grøntanlegg høyrer ikkje naturleg heime i dette hamneområde og ei grøn stripe vil legge føringar på tilstøytande industriområde. Areal i naustområdet – mellom veg og naust kan nyttast til leplanting om grunneigarane ønskjer ei skjerming av nausta.
Bjørn Kåre Rabben, Mørenot gnr 13 bnr 18, 20	Bru over Steinevik må leggst slik at den ikkje stengjer av hamnebassenget utfor kaien til Mørenot. Når dei lengste båtane er inne, må dei dreie baugen inn mot Steinevik for å ta nøter om bord.	Bru over Steinevik er ikkje lenger ein del av planen.
Maria Djupevåg Fristad og Eivind Fristad gnr 11 bnr 9, 27, 30 og 41.	- Industri i ytre Djupevåg må ut av planen fordi det er i konflikt med turismeverksemd i Djupevåg, landskapskarakter mm. Støy, vibrasjonar og annan forureining vil vere til sjenanse for eksisterande og planlagde bustader (i kommuneplanen) - Holmane bør vurderast som verneformål pga plante- og dyreliv samt gode fiskeplassar. - Planen har så stort omfang at det bør lagast fullverdig KU for planen. KU bør også avklare om Hordafor er eit fareområde. - Hovudformålet med planen vert ikkje ivareteke sidan planen ikkje binder saman eksisterande Rabben og Salthallhamnene.	Konsekvensane av planen, også industri i Djupevåg, er omtalt i kapittel 9. Behov for næringsareal kjem fram i kapittel 5.1. Spørsmål om utarbeiding av KU er omtalt i kapittel 2.3.
Kristi og Gro Kalvenes Djupevåg	Ønskjer at planen vert stoppa og at lokalisering av hamna vert vurdert opp mot forvaltning av kystkulturen.	Innspelet er av overordna karakter. Reguleringsarbeidet følgjer opp tidlegare vedtak om at hamna skal liggje på Salthella. Lokaliseringsspørsmålet er ikkje en del av planarbeidet.
Innspel i grunneigarmøtet		
Grunneigar gnr 12 bnr 11 og 76, Tøkje	Fylkesvegen forbi eigedomane er smal og går berre eit par meter frå huset. Ønskjer at vegen vert utbetra og trekt vegg frå huset (utviding på nordsida)	Utbetring av fylkesvegen er ikkje ein del av planen. På bakgrunn av planen vil Statens vegvesen vurdere om det skal stillast krav om utbetring av fylkesvegen.

12 Vedlegg

- Plankart
- Føresegner
- Illustrasjonsplan
- Austevoll fiskerihavn. Forprosjekt. Myklebust AS 17.06.2011
- Austevoll fiskerihavn. Bergkvalitet i Næringsområde. Multiconsult AS - -2012
- ROS-Analyse. Norconsult AS 12.10.2012